

Innhold

Forord

I Stifting av NSUA , og dei første 50 åra

Pionerportrett: Idar Handagard (1874-1959)

Ragnar Vogt, formann 1904-08 og 1910-13

Halfdan og Haakon Duckert, brøyr og nøkkelpersonar ved stiftinga

Johan Scharffenberg, formann 1913-16, ideolog/inspirator

Johan Scharffenberg, artikkel i 10-årsskriftet 1914 om NSUAs oppgave

Johan Scharffenberg, artikkel i "Symra" 1/1933 om "Hvad vil vi?"

Karl Martinussen, (1890-1965) ideolog

Mix Anker Møller og Tove Kathrine Møller, søstrer og leiarar

Bjarne Rognlien (1891-1981)

II Minnestoff – frå 1930-talet til ca 1980:

1. Sigmund Gjelsvik, SA i Oslo, Orkdal Landsgymnas 1930-1970-talet
2. Håkon Odd Christiansen, SA i Oslo, Strinda gymnas, Lærerhøgskolen
3. Bjørn Stigum, Oslo, SA i Oslo, NSUA, riksinstruktør. 1938- 1955
4. Sigurd Birkelund, Bergen, SA i Oslo, NSUA , riksinstruktør . 1947- 1955
5. Arne Sørli, Eidsvoll, 1950-talet
6. Jostein Kallset, Voss, Studentavholdslaget, Tingvoll 1940-50-talet
7. Johan H. Grimstad, Lærarskolen i Volda, 1947-1951
8. Thor Bjarne Bore, Molde, SA i Oslo /NSUA 1954-1962
9. Viggo Jørgensen, Lillestrøm, SA/NSUA , riksinstruktør . 1960-talet
10. Gunnar Sørbotten, Vinstra , SA/NSUA 1961-1968
11. Mildrid Lomundal Nesheim, Orkdal, NSUA 1961- ca 1970
12. Svein Lundevall, Firda, SA/NSUA 1961-ca 1970
13. Leif Vinsrygg, Firda, Volda, NSUA 1962- ca 1970
14. Nils Stavenes, Lillehammer, Voss, SA 1962-1974
15. Ragnvald F.Bertheussen, Lillehammer, SA/NSUA 1963-1971
16. Ragnhild Sæalthun Fjærtøft, Firda,Tønsberg, NSUA 1963-1969
17. Tingvoll NSUA – revy 1970
18. Åse Berg, Molde, SA Trondheim 1961-ca 1975
19. Jon Ryen, Orkdal, SA Trondheim 1961-ca 1975
20. Knut T. Reinås, Levanger 1960-talet
21. Magnar Solbakk, Nesna, SA 1970-talet
22. Arild Nesdal, Oslo/FMR/Radio Bernt 1980-talet

III Fra 1960-tallet til i dag – og frå NSUA til FMR

Tidsskriftet MOT RUSGIFT

Framtidsperspektiv

IV Oversikter

Styret i NSUA/FMR 1904-2004

Stikkord om bidragsytarane

Kjelder

KAMP OG KUNNSKAP GJENNOM 100 ÅR - NSUA/FMR 1904-2004

Forbundet Mot Rusgift
fmr.no

KAMP OG KUNNSKAP GJENNOM 100 ÅR

Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund (NSUA) / Forbundet Mot Rusgift (FMR)
1904-2004

Forbundet Mot Rusgift
fmr.no



FORORD

Historia om NSUA/FMR dreier seg om mange ting, og vår framstilling kan berre gje glimt av nokre få av dei.

Først og fremst dreier ho seg om Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund (NSUA), som i 1973 tok namnet Forbundet Mot Rusgift (FMR). Denne organisasjonen vil vi prøve å gi eit bilde av frå starten i 1904, og følgje gjennom skiftande tider fram til hundreårsjubileet.

Då blir historia samtidig ei historie om personar lokalt og sentralt som har markert seg ekstra i organisasjonen, og hatt denne ungdoms- og studentorganisasjonen som eit viktig forum for læring og utvikling, for vennskap og trivsel. Mange av desse personane har seinare, i vaksen alder og i yrkeslivet, hatt med seg kunnskapen og impulsane slik at det på avgjerande måtar har prega familielivet, yrkeskarrieren og samfunnsengasjementet deira.

Samtidig er denne historia om NSUA del av edruskapsrørslas historie, ei historie som i vårt land går om lag 150 år bakover i tida, og som også har klar samanheng med historia til folke-rørslene og det frivillige organisasjonsarbeidet. Denne "assosiasjons-historia" starta rundt midten av 1800-talet. Fråhaldsorganisasjonane, som særleg vaks fram i perioden frå 1859 og dei næraste 50-60 åra etterpå, høyrer med i den første store gruppa av frivillige organisasjonar, saman med dei kristelege organisasjonane, dei politiske partia, fagrørsla og norskdomsrørsla. Innanfor edruskapsrørsla har NSUA aldri vore nokon stor organisasjon, men likevel hatt ei spesiell rolle når det galdt å spreie oppdatert kunnskap om rusproblema. I ein helsingstale til IOGTs verds-kongress i Oslo i 1914 uttrykte NSUA-formannen Johan Scharffenberg NSUAs rolle slik : "Vi er små, men vi vil gjerne være dvergen som rekker våpnene til kjempen."

Men NSUA eller FMR har samtidig klar tilknytning til utdannings-Noreg, og veksten i utdannings- og opplæringsstilbod for ungdom. Det er interessant å sjå korleis NSUA og FMR greidde å utvikle seg som organisasjon, samtidig med at utdanning og opplæring vart tilgjengeleg over heile landet og gjekk frå å vere eit privilegium for dei få til ein rett, og

etter kvart ei nødvendighet - for alle. I kva grad greidde NSUA/FMR å utvikle seg i takt med utbygginga av opplæringsstilboda ? Og i kva grad spreidde organisasjonen seg over alle delar av landet ? Kan vi sjå utslag av organisatoriske skilnader, kulturforskjellar og kulturutvikling i landet ? Harmonerte t.d. ideologi og arbeidsmåtar betre til ungdom frå distrikts-Noreg enn frå byane, og betre til ungdom frå Nordvestlandet enn frå det sentrale Austlandsområdet ?

Og kanskje aller viktigast : I kva grad fungerer organisasjonen fram mot vår tid i tråd med den kulturelle utviklinga i vekst- og velferdssamfunnet og samfunnets (tvetydige?) krav til skolen om holdningsskapande arbeid for ein sunn og god livsstil ? Og i kva grad legg lokale og nasjonale styresmakter til rette for at den frivillige organisasjonen og den ungdom-melege innsatsviljen aktivt blir nytta som læringsarena og som verktøy i arbeidet for ein sunn og helsefremjande livsstil? Eller har dei kommersielle og rusliberale kreftene i elev- og studentmiljøa, og i samfunnet generelt - blitt så sterke at det er bortimot umogeleg å halde oppe eit aktivt og frivillig elev- og studentbasert rusførebyggjande arbeid i vidaregåande opplæring og på universitet og høgskolar ?

Slik sett kan eit hefte om fortida kanskje også stimulere til ein debatt om notida og framtida !

Og for dei som vil følgje med nærare kva som skjer i FMR i dag og framover, gjer vi spesielt merksam på nettstaden til FMR : www.fmr.no

Når det gjeld arbeidet med heftet, har Eivind Hasle vore hovudredaktør og hatt spesielt ansvar for del I og II av heftet, Knut T. Reinås har skrivt del III, og Birkelund, Sørli, Hasle og Reinås har samarbeidd om oversiktene over namnelister for styremedlemmar.

Eivind Hasle

NSUA BLIR STIFTA 14 11 1904



Polstjerna vart vald til NSUA sitt forbundsmerke.

Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund (NSUA) vart formelt stifta i Kristiania 14.november 1904. Men forhistoria går lenger tilbake.

Studenternes afholdsforening

Stiftingsmøtet for NSUA vart halde i Studenternes afholdsforening i Kristiania. Denne foreininga var i 1904 over 20 år, etablert alt 25.april 1883, og er omtala som det eldste studentfråhaldslaget i verda. Studenternes afholdsforening hadde sidan starten vore eit lokallag i Det norske totalavholdsselskap (DNT). Det var den store organisatoren og legen Oscar Nissen som sto bak stiftinga av Studenternes afholdsforening. Han var på denne tida – frå 1879 til 1887 - formann i Det norske totalavholdsselskap, og sto i spissen for ei enorm organisasjonsutvikling i fråhaldsrørsla, som organisasjonsleiar, og som redaktør av bladet “Menneskevennen” 1879 – 1883. Han var og ein anerkjent lege og spesialist i kvinne-sjukdommar. Seinare vart han som kjent leiar i Det norske arbeiderpartiet, 1906 - 1911.

I Afholdsvennernes Aarvog 1902 har stud.med Idar Handagard ein artikkel om “Afholdsarbeidet ved Kristiania Universitet.” Den startar slik :

Det er en eiendommelig foreteelse i vort land, at det moderne afholdsarbeide tæller kun faa talsmænd inden den akademiske verden. Det er folkeskolelærerne, som hos os har udfoldet det ihærdigste arbeide foir afholdssagen og givet arbeidet dets præg. I flok og følge har de meldt sig ind i afholdsforeningerne og goodtemplarlogerne og overtaget ledelsen der. Dette er deres uvisnelige fortjeneste. Imedens har de akademiske borgere staaet ledige paa torget.

Ganske anderledes var det med den bevægelse, som i Norge gik forud for totalafholds-bevægelsen, nemlig arbeidet for at afskaffe og udrydde brændevinet. Her finder vi en rekke akademiske navne og det af de bedste og fremragende, som landet overhovedet har eiet. - - -

Handagard skildrar korleis stiftinga av Det norske totalavholdsselskap i 1859 hadde gjort at edruskapsarbeidet hadde nådd ut til dei breie lag av befolkninga, medan “studenterne (er) sunkne ned i en sløv ligegyldighed for et af *tidens mest*

dybtgribende sociale spørmaal.”

Men Oscar Nissen fekk altså stifta “Studenternes Totalafholdsforening” i 1883, etter at totalfråhaldssaka først var drøfta i “Den theologiske Forening”. 7 studentar kom med frå starten, og innan året 1883 var slutt, hadde foreininga 15 medlemmar. Møta vart den første tida halde på “Studenterhjemmet”, med foredrag om alkoholspørsmålet “av tidens mest anseede afholds- og ædruelighedsvenner.” Legen Oscar Nissen var ein populær og gjestfri støttespelar, og elles nemner Idar Handagard spesielt professor i hygiene, dr. Lochmann “hvis ord øvede en mægtig indflydelse baade ved universitetet og udover det ganske land.” Han heldt m.a. eit foredrag i 1896 “Om Alkohol”, der “han omtalte denne som i enhver henseende unødvendig for den menneskelige organisme.” Studenternes afholdsforening hadde også god kontakt med stortingets avholdsgruppe, ved at stortingsmennesen ofte deltok på møta og i debattane.

Medlemsutviklinga var positiv fram til 1891, då laget hadde 80 medlemmar, dei fleste teologar. Etter nokre mindre aktive år første på 1890-talet tok aktiviteten seg opp igjen, med offentlege foredrag av kjente personar, ved foredragsverksemd frå studentane (“74 foredrag i 27 afholdsforeninger og 5 goodtemplarloger ” i 1895-96), og ved spreieing av småskrifter. Laget bygde opp ei boksamling, m.a. ved støtte frå DNT og IOGT, og heldt ei lang rad norske og utanlandske fråhaldsblad. Og særleg frå hausten 1901 går Studentavholdslaget inn i ein aktiv periode, ved at dr. Ragnar Vogt i ein treårsperiode tar på seg formannsvervet. Ei rekke offentlege foredrag blir haldne, m.a. om medisinske sider ved alkoholspørsmålet, og om alkoholpolitikken.

Nordisk studentfråhaldsrørsla

I tillegg til det fofestet fråhaldssaka alt hadde fått ved Universitetet i Kristiania, må nemnast at edruskapsarbeidet blant studentar var del av ei internasjonal rørsla. Våren 1903 fekk Studenternes afholdsforening brev frå den svenske studentavholdsrørsla, som var grunnlagt i Uppsala i 1888, og fekk ei nasjonal organisering i 1896 (Sveriges Studerande Ungdoms Helnykterhetsforbund (SSUH)). Med brevet var ein invitasjon til norske kameratar om å delta på den svenske studentavholdsrørslas årsmøte i Jønkbøing i juli 1903. Det må her nemnast at Danmarks Studerende Ungdoms

Afholdsforbund (DSUA) fekk sitt første lokallag i februar 1903, og fekk ei nasjonal organisering i 1904. I Finland kom det første studentfråhaldslaget, ved universitetet i Helsinki , i 1886, og i Sveits, Tyskland og Østerrike fanst også slike lag.

Stiftingsmøte og første arbeidsår

Studenternes afholdsforening sette 30.september 1904 ned ein komite som fekk som mandat “*til at arbeide for stiftelsen af afholdsforeninger ved seminarer, gymnasier og tekniske skoler / dannelsen av et avholdsforbund for den studerende ungdom i Norge*”. IOGT støtta arbeidet med pengar, og alt 14.november låg det føre framlegg til lover og opprop, slik at “Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund” kunne bli skipa. Lovutkastet vart lagt fram og vedtatt, og styre vart vald. 8 personar deltok på skipingsmøtet.

Desse personane kom med i det første styret : Dr. med Ragnar Vogt var sjølvsgagt som den første formann, og elles vart stud.jur Bjarne Didriksen viseformann og kasserar, stud.jur. Haakon Duckert sekretær, og styremedlemmar vart stud.teol Ivar Aasen, og seinare også adjunkt Lars O. Jensen. Det bør elles nemnast at ein av dei som hadde bidratt mest til etableringa var Halfdan Duckert. Han fekk eit svensk “reisestipendium” på 25 kr for å delta på den nordiske konferansen i Jønkbøing der Nordens Studerende Ungdoms Avholdsforbund vart etablert. Det nordiske forbundet fekk ikkje lang levetid, men var viktig fordi det var utgangspunktet for at det vart laga særskilde forbund i dei enkelte landa. Halfdan Duckert la ned mykje arbeid i førebuing til etableringa i Noreg, men vart alvorleg sjuk og døydde like etter stiftinga av NSUA.

Etter at NSUA var stifta, melde Studenternes avholdsforening seg raskt ut av Det Norske Totalavholdsselskap og inn i NSUA med sine 31 medlemmar. Innan året var ute, hadde organisasjonen også fått 17 medlemmar frå foreininga “Mimer” i Bergen, og i januar 1905 fekk NSUA 18 medlemmar frå Trondhjemteknikernes avholdsforening, og 41 medlemmar frå Hamar lærerskoles avholdslag. NSUA fekk raskt laga sitt eige merke, ei 5-takka stjerne, og fekk sendt ut lover. Dei økonomiske problema var store, men laget fekk 100 kr i støtte frå IOGT og heile 500 kr frå Kyrkjedepartementet. Ca 200 medlemmar fekk laget i det første arbeidsåret sitt.

DEI FØRSTE 50 ÅRA

Jubileumsskrifta frå 1914 og 1932, saman med årgangane av tidsskriftet “Symra”, gir eit godt innblikk i arbeidet framover mot 2.verdskrigen. Arbeidet omfattar ulike område :

a) Det dreier seg i første rekke om medlemsverving og organisasjonsbygging. Det er imponerande å sjå korleis organisasjonen – med Studentavholdslaget i Kristiania/Oslo og med næraste omland som utgangspunkt – og med dårleg økonomi, satsar på agitasjonsopplegg, reiseverksemd og foredrag, med sikte på å få nye medlemmar, gjere organisasjonen kjent og inspirere til skiping av nye lag. Etter kvart som opplærings-tilboda blir bygd ut, blir det også viktig å etablere lag på dei nye skolestadene. Nye lag kjem t.d. raskt på plass på Hamar, i Elverum, i Skien og i Larvik. Og såleis blir det t.d. også lagt stor innsats i arbeidet i Trondheim då den tekniske høgskolen kom dit i 1910, og Trondheim vart “et litet centrum for den studerende ungdom Nordenfjelds”.

Men samtidig ser vi at organisasjonsbygginga ikkje gir stabil vekst, medlemstilgangen går i bølger, og mange av dei nye laga må ha gjenoppliving etter kortare eller lengre tid. Og som det heiter i 10-årsskriftet, “må man forstå hvor dobbelt vanskelig et ungdomsarbeide som NSUAs blir når dets ledelse skal stå under eksamens og militærtjenestens tegn.”

b) Som eit ledd i organisasjonsbygginga blir også landsmøta arrangert rundt om i landet (jf Halden 1908, Stavanger 1911, Trondheim 1912, Bergen 1913, Ålesund 1916). Svært ofte er då vertslaget nokså svakt, men her er då gjerne solide “bakspearar” som kan hjelpe til, slik t.d. Ask avholdslag stiller opp som vertar i Norderhov i 1922, lærar Rasmus Øvreid i Volda i 1923 og rektorparet Øverås på Orkdal landsgymnas i 1930.

Det må og nemnast at NSUA raskt synest å ha blitt godt akseptert innanfor utdannings-systemet og i samfunnet generelt. Eit eksempel er forbundsmøtet i Oslo i juli 1907, som vart gjennomført i Nobelinstituttet sine lokale, med 130 deltakarar, og med velkomsthelsing av formannen i Nobelkomiteen, utanriksminister Jørgen Løvland, og med festtale av kyrkjestatsråd Otto Jenssen!



Her ser vi nokre tidlegare og dåverande forbundsstyremedlemmar samla under NSUA sitt landsmøte i Hemsedal i 1960. I første rekke ser vi Eirik Himle, Inger Sollid og nyvald forbundsleiar, Liv Hatland. I andre rekke ser vi Jon Høgevold, Ditlef Hald og Martin Gran. I tredje rekke står Dagfinn Mannsåker, Bjørn Stigum og Hallvard Magerøy. Bakerst står Thor Bjarne Bore, Arne Sørli, Anders Føholm og Bjarne Rognlien

c) **"Bakspelarane"** – som etter kvart gjerne dreier seg om tidlegare sentrale NSUA-medlemmar - kan ein også sjå når ein les lista frå 1924 over "fylkesformenn" i NSUA. Desse har som spesiell oppgåver å danne nye lokallag og stimulere dei laga som finst. På denne lista finn ein t.d. rektor Asbjørn Øverås, Orkdal, overlærer Rasmus Øvrelid, Volda, pastor Karl Marthinussen, Bergen, og lektor Harald Goksøyr, Eidsvoll. Dette organisatoriske grepet førte elles med seg at NSUA på eitt år fekk 6 nye lokallag og mange nye medlemmar.

d) **Skolering:** Alt frå dei første åra blir det lagt stor vekt på skoleringsarbeid. Det blir drive foredragsverksemd og foredragskurs, starta publikasjon av småskrifter, abonnert på faglitteratur og "indkjøpt plancher fra landskomiteen for avholdsundervisning." Det blir lagt press på styresmaktene for å få til "en fyldigere undervisning i alkohollære for elever og vordende lærere"(1907), ei sak som det vart arbeidd med jamleg. Det første foredragskurset vart halde på Universitetet i Oslo i januar 1908, med ca 60 deltakarar, og etter dette vart det etablert eit eige foredragsutval. Mange av medlemmane i organisasjonen var eller vart kjende fagfolk innanfor rusfeltet, og kunne såleis halde foredrag med stor troverd, slike som Ragnar Vogt, Johan Scharffenberg, Karl Marthinussen og Otto Lous Mohr. Fleire av foredraga vart trykt opp som småskrifter etter at dei har vore halde som foredrag på universitetet eller i radioen først (jf "Seks foredrag om alkoholspørsmålet" frå 1933, "Drikkeskikkene og kampen mot dem", av Ragnar Vogt frå 1933, "Avholdssakens ide" av Otto Lous Mohr frå 1947, "Hvorfor avholdsmann?" av Karl Marthinussen frå 1962) Etter kvart blir det etablert eigne fora til å ta seg av mykje av denne kursverksemda og publiseringa, jf Landskomiteen for avholdsundervisning frå 1902, som frå 1930 fekk namnet Landsrådet for edruelighets-undervisning. Studieverksemda hadde og ein sentral plass utover på 1950-60-talet, og dei fleste skolane med NSUA-lag hadde studieringar i arbeid, med stort mangfald når det galdt tema.

e) Eit viktig tiltak i skoleringsarbeidet var å få laga ei god lærebok i alkoholspørsmålet. Arbeidet med ei slik bok vart tatt opp i 1932, og i 1934 kom første utgåve av NSUAs lærebok i alkoholspørsmålet, ei bok på 140 sider. Boka var laga med støtte frå Sosialdepartementet og godkjent av Kyrkjedepartementet, og blant forfattarane finn ein ei lang rekke av dei mest solide fagfolka i Noreg på denne tida, m.a.

sokneprest Karl Marthinussen, dr.med. Ørnulv Ødegaard, overlege Johan Scharffenberg, rektor Erling Kristvik, og høgsterettsjustissekretær Bjarne Rognlien. Cand theol Jørgen Huseklepp var den som frå NSUA si side utarbeidde plan for boka og fekk dei nødvendige godkjenningane. Nye, reviderte og større utgåver av læreboka vart laga i 1953 og i 1961, under namnet "Alkoholen og samfunnet. NSUAs håndbok i alkoholspørsmålet", og gitt ut i regi av Landsrådet for Edruskapsundervisning. 3.utgåve var på heile 250 sider, og redaksjonsgruppa for den var lektor Bjørn Stigum, riksinstruktør Arne Sørli og lektor Arne Goplen. Sentrale forfattarar var Ørnulv Ødegaard, Th. Kjølstad, Helge Seip, Olav Sundet, Steinar Hauge, Bjarne Rognlien, Øystein Søraa og Karl Marthinussen.

f) **Blad:** I opplysningsarbeidet kom det snart framlegg om å starte ein fast og regelmessig publikasjon, og slik vart "Symra" født alt i august 1906, med stud.jur Haakon Duckert og stud. philol Fredrik Paasche som dei første medlemmane av redaksjonen. Symra vart utgitt jamleg fram til 1940 – og dette tidsskriftet utvikla seg i mellomkrigsåra til eit solid tidsskrift som både skulle fungere som medlemsblad, nyheitsblad og opplysningsorgan for NSUA, men etter kvart mest som eit tidsskrift som skulle gi "sakkyndige artikler om aktuelle teoretiske eller praktiske spørsmål innanfor rusdrikkpolitikken eller avholdsbevegelsen." I 1932-33 var opplaget av "Symra" 1700. Seinare kom i tillegg "NSUA" 1933-34, og deretter "Kamp og Kunnskap" frå 1935. – Når det gjeld opplysningsarbeid, må elles nemnast at NSUA i 1922 etablerte eit eige presseutval som utover på 1920-talet forsynte fråhaldspressa og aviser elles med opplysande artiklar om alkohol og edruskap. Heile 326 artiklar vart t.d. spreidd frå 1.mai 1923 til 30.april 1924, og 157 artiklar året etter. Bjarne Rognlien var ein nøkkelperson i dette pressearbeidet.

g) **Kunnskapsprøver:** Først på 1930-talet vart spørsmålet om å arrangere prøver i alkohol-spørsmålet tatt opp, m.a. inspirert av liknande prøver i Sverige, England og Finland, og i "Symra" 4/1932 finn vi ei solid utgreiing om spørsmålet. Målgruppa for prøva er studentar ved høgre skolar og lærarskolar, og siktemålet er "at dei unge skaffer seg solide kunnskapar om alle sidor av dei største sosiale problem dei møter". Dei første prøvene vart arrangert for medlemmar av NSUA i mars 1936, og då

med 16 deltakarar. Frå hausten 1936 vart NSUAs Lærebok i Alkoholspørsmålet lagt til grunn for prøva, og det vart opna for deltaking frå andre organisasjonar. I 1954 var det 191 som tok prøva, og det var 1276 som til då hadde avlagt kunnskapsprøva i alkoholspørsmålet. Siktemålet med prøva var å styrke kunnskaps-nivået blant fråhaldsfolk, slik at dei kunne grunnkje standpunkta sine og delta på ein god måte i samfunnsdebatten. Før prøva var dei fleste deltakarane med på studieaktivitet knytt til NSUAs lærebok i Alkoholspørsmålet og til namngjevne lærebøker i samfunnskunnskap. Prøva vart arrangert til ut på 1970-talet.

I 1948 starta NSUA i tillegg Prøva i samtidsorientering, som utover på 1950- og 60-talet vart eit svært stort tiltak, med mange titals tusen deltakarar kvart år, t.d. 100 000 i 1964 og 130 000 i 1973. Dei fleste deltakarane var elevar i vidaregåande skolar. I minneartikkelen til Thor Bjarne Bore (Mye å takke for), får vi meir informasjon om denne prøva, som vart arrangert siste gong i 1975.

h) NSUAs Framtidsfond: I 1913 vart grunnlaget gitt til eit ”framtidsfond” for NSUA, gjennom ei gave på kr 0,84 frå Birger Knudsen, seinare direktør i Norsk Telegrambyrå. Same dag og dei næraste dagane kom bidrag frå ei rad kjente personar, som Adam Egede Nissen, Katti Anker Møller, statsråd Lars Abrahamsen, statsminister Gunnar Knudsen o.a. Målet var å bygge opp eit fond på 25 000 kr, der rentene skulle gå til NSUA-arbeidet. I 1954 var fondet på 22 700 kr, og NSUA fekk på den tida halvparten av renteinntektene til drifta.

ij) Felles kjenneteikn: Medlemsmerke : NSUAs 5-takka stjerne er kjent alt frå 1905. Dette var ei nål som vart utvikla som eit felles merke for studentfråhaldsrørsla i alle dei nordiske landa. Som spesielt heidersteikn utvikla NSUA eit eige merke : gullstjerna. I 1929 fekk t.d. overlærer Rasmus Øvrelid, Volda, gullstjerna som den 7. person i NSUA-historia.

Song : I februar 1907 gjorde styret vedtak om at det skulle lysast ut konkurranse om ein forbundssang. Det kom fleire framlegg, men den som vann, var stud.philol Fredrik Paasche med sin ”Forbundssang”, som starta slik : ”Vi kommer med ungdommens ranke mot, og kundskapens adel i eie” (“Symra”, juni 1907). Forfattaren fekk tildelt førstepremien

på kr 5, men han gav premien tilbake til forbundet som start-grunnlag på eit fond som skulle skaffe fane for NSUA. Johan Fredrik Paasche (1886-1943) vart i 1920 den fjerde personen blant NSUA-medlemmane som vart professor – etter dr.med Ragnar Vogt, dr.juris N.Gjelsvik og dr.philos Didrik Arup Seip. Paasche vart professor i norsk litteratur, men måtte flykte frå nazistane og døydde i Stockholm.

Fane : NSUAs fane vart laga på grunnlag av eit utkast av ingeniør Ditlef Hald, og avdekt under forbundsmøtet i Bergen i 1912. Fana var lagra i Oscarsgata i Oslo, og vart dessverre borte under krigen.

Songbok: Ei songbok vart også laga svært tidleg, og i 10-årsskriftet er nemnt at det i 1913 vart laga ei ny songbok for NSUA *“væsentlig forøket og forandret fra den gamle”*. Songboka var utarbeidd av cand.mag. Didrik Arup Seip (frå 1916 professor i norsk språkvitskap) og studentane Wendelbo og Knudsen, og med omslagsteikningar av stud.med Harald Hanson.

ij) Nordisk og internasjonalt samarbeid: Som nemnt vart eit ”Nordens studerende ungdoms avholdsforbund stifta i Jønkøbing i Sverige i juli 1903, før nasjonalforbunda i Norge og Danmark var stifta. Det nordiske forbundet var viktig i etableringa av NSUA, men sovna nokså raskt inn. Derimot vart det i 1907 tatt initiativ for å etablere eit internasjonalt forbund for fråhaldsfolk blant studerande ungdom. Eit slikt forbund vart stifta i Stockholm 2.august 1907. Ragnar Vogt var her med som norsk representant. Rundt 1930 er det stor aktivitet i det internasjonale arbeidet, særleg knytt til ”The World Student Federation against Alcoholism”, som også gir ut magasinet ”The International Student”. I tillegg til dei nordiske landa og USA omfattar arbeidet m.a. dei baltiske statane, Polen, Jugoslavia, Bulgaria,, Tyskland, Sveits, Nederland og Belgia.

Det nordiske samarbeidet vart etter kvart styrkt igjen ved gjensidige besøk på dei nasjonale forbundsmøta, og under markeringa av NSUAs 10-årsjubileum i Kristiania i 1914 vart det også arrangert nordisk møte med fyldig deltaking frå Sverige, Finland, Danmark og Norge, og denne utvekslinga av besøk til landsmøte og konferansar, har halde seg oppe så lenge det har vore aktivitet.

”Teologtid” og ”filologtid”

Det er interessant å registrere utviklinga i lokallag og talet på medlemmar frå den første tida og framover. Svært mange av dei tidlegaste laga var knytt til by-gymnas, men desse er i stor grad blitt borte før 20-årsjubileet. Elles var det stor aktivitet ved ein del lærarskolar (Hamar, Elverum, Notodden, Stord, Volda, Levanger), men her endra situasjonen seg etter kvart som elevane på dei 4-årige linjene forsvann til fordel for student-elevane. Etter kvart vart det ved landsgymnasa at NSUA fekk best tilgang på nye medlemmar (t.d. Eidsvoll, Hornes, Bryne, Voss, Firda, Volda) og medlemmane herifrå kom i stor grad til å danne kjerne-gruppene i Studentavholdslaget i Oslo, som heile tida har vore det berande laget for organisasjonen. Men sjølv om talet på utdanningsinstitusjonar har blitt bygd ut, særleg etter 2. verdskrigen, har organisasjonen aldri makta å samle meir enn 1200 -1500 medlemmar.

Også utdanningsmessig har det vore ulike fag som meir enn andre har prega organisasjonen. Frå den aller første tida var det som nemnt teologar som var sentrale, og seinare hadde organisasjonen ei teologtid rundt 1930, med Olav Skarstein og Berge Øverland som framståande representantar. Legar har det vore ein del av, og Ragnar Vogt og Johan Scharffenberg står her fram som dei fremste. Mange juristar har prega organisasjonen, som Bjarne Didriksen, Mix Anker Møller, Bjarne Rognlien og Trygve Låke. Perioden frå 1934 til rundt 1960 blir gjerne karakterisert som filolog-tida, og framståande representantar her er Kristoffer Dannevig Haave, Dagfinn Mannsåker og Halvard Magerøy. På 1960-talet kjem dei nye samfunnsvitskapane inn, med t.d. Stein Berg og Knut T. Reinås som framståande representantar.

Krig og gjenoppbygging

På det siste forbundsmøtet før krigen, vart stud. philol Dagfinn Mannsåker valt til formann. Organisasjonen hadde då gjennomført ei sanering av medlemslistene, og styret melde om ca 200 medlemmer og 7 lag. Då krigen kom til Noreg 9.april 1940, var det publisert eitt nummer av ”Kamp og Kunnskap” dette året. Det varsla om at forbundsmøtet 1940 skulle vere på Firda gymnas på Sandane om sommaren. Men dette forbundsmøtet vart det ikkje noko av. Etter kvart stoppa den ordinære aktiviteten opp, men mange av medlemmane

var engasjert i illegalt arbeid, m.a. ved hjelp av NSUAs skrivemaskin og stensilmaskin. I 1943 vart også Universitetet i Oslo stengt. Og forbundsstyremedlemmane vart spreidde til Sverige eller Tyskland.

Hausten 1945 starta NSUA-arbeidet opp igjen, nesten heilt frå bar bakke. Stud. philol Halvard Magerøy vart vald til ny leiar på forbundsmøtet på Ringerike, og medlemstalet kom raskt opp i rundt 800. Av nye tiltak som vart sett i gang, kan spesielt nemnast Prøva i Samtids-orientering som starta i 1948. Dette året kom også riksinstruktørordninga, som vart etablert saman med Norsk Læreravholdslag. Den første riksinstruktøren var Bjørn Stigum. Fleire av dei personane som har skrive minne frå si NSUA-tid , har vore riksinstruktørar, t.d. Viggo Jørgensen, Leif Vinsrygg og Ragnhild Sællthun Fjørtoft. Riksinstruktørordninga vara til ut på 1980-talet.

Fra ”Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund N.S.U.A. 1904 - 1914”

N.S.U.A.s oppgave

Av overlæge JOHAN SCHARFFENBERG.

I et styremøde kom vi tilfældigvis til at se paa et gruppebillede fra et af N. S. U. As landsmøder. Det var saart at faa vide, hvor mange af deltagerne senere havde opgivet afholdsstandpunktet, - den ene for en sangfærds skyld, den anden for en udenlandsreises, den tredie, fordi han fandt, at totalafhold var for stort et offer o.s.v. Endog flere, som havde været ivrige forkjæmpere for bevægelsen, havde siden selv forladt den.

Jeg skriver ikke dette for at gaa i rette med de unge, som vi mistede, men for at spørge: hvor ligger skylden - hos dem selv eller hos N. S. U. A. eller kanske hos afholdsbevægelsen overhovedet?”Ungdomssind er som vind”, heder det, og derfor bør det ikke undre eller forarge, at de unge let skifter standpunkt, at deres ”holdning” stundom minder mer om veirfløien end om kompasnaalen.

Men for bevægelsens ledere er dette et varsko om ikke at øve for stærkt tryk paa vaklevorne sind for at faa dem ind i vore foreninger. Det er bedre for bevægelsen, at de aldrig kommer, end at de kommer og gaar. Heller en langsom, men sikker vækst med tilgang af medlemmer, for hvem totalafhold er blevet en rodfæstet overbevisning, end massetilløb og massefrafald. Rigtignok er svage og svaiende sind langt mer end de faste og stø udsat for i livets løb at

blive alkoholikere, forsaavidt skulde det være særlig ønskelig at vinde netop disse for at bevare dem. Men N. S. U. A.s hovedopgave er ikke det individuelle redningsarbeide; dette kræver et indgaaende taalmodigt arbeide med den enkelte, som et ungdomsforbund ikke har leilighed til at drive, fordi dets fleste medlemmer mangler den nødvendige sjælekundskab og livserfaring.

Oftest skyldes vel omslaget, at overbevisningen om totalafholdsprincipets rigtighed ikke endnu har været et tilstrækkelig fast værn mod omgivelsernes spot og fristelser. Nogle var kanske overbevist med forstand, men ikke med sin følelse; de længe-de lønlig efter at leve som kameraternes flertal og mente, at totalafhold var et tab, et offer af livslykke. Da kræves der bare nogle flotte fraser, nogle skingrunde for at gjøre omslaget forsvarligt for vedkommendes egen dom; de fleste mennesker ”mener” nemlig det, de ønsker at mene, og ikke det, som logisk tænkning tilsiger.

Andre var kanske en stund overbevist med sin følelse, men ikke med sin forstand, og den stemningsbølge, som bar dem ind i bevægelsen, sank atter, og andre følelser havde da desto lettere for at drive dem ud igjen, fordi der slet ikke var nogen intellektuel modstand at overvinde.

Afholdsbevægelsen bygger i lige grad paa forstands- og følelseshensyn. Derfor blir den enkeltes afholdsstandpunkt først solid, naar baade hans forstand og følelse er vundet. Ingen anden burde aflægge et livsvarigt afholdsløfte. Det er rigtigt, at N. S. U. A og lignende ungdomsforbund ikke kræver løfte paa livstid, fordi de unge ikke som regel er saa klare over sig selv, saa sikre i sin dom - trods al skraasikkerhed - at de bør love noget for hele livet.

I hvervningsarbeidet maa N. S. U. A.s forkjæmpere holde sig dette for øie; de skal tale baade til forstand og følelse. Men da maa de først og fremst selv være klare over totalafholdsprincipets begrundelse, de maa kjende alle indvendingerne, de maa i sit eget sind redelig have tænkt dem gjennem og gjendrevet dem, og kjæmper de med egne tvil, skal de ikke søge at vinde andre, før de selv er kommet til fred og tryghed. Den, som maa bekjende: ”Jeg tror - hjælp min vantro”, du er ikke til at omvende andre.

Arbeidet i N. S. U. A.s foreninger maa saaledes først og fremst sigte paa at uddybe kjendskabet til alkoholspørgsmaalet og forstaaelsen af totalafholdstanken. Paa den maade vil vi efterhaanden, langsomt, men sikkert opdrage en skare ungdom, som i sin livsgjærning som lærere og læger, prestere og dommere, ingeniører og officerer o.s.v. faar rig leilighed til at fremme afholdssagen i ord og daad. Mest paakrævet er det utvilsomt nu at arbeide for et omslag i den udpræget afholdsfjendtlige stemning, som i vort land raader inden

overklassen, hvis holdning væsentlig tager form af dagspressens daglige dryp af ondskap og haan mod afholdsbevægelsen. Ligeoverfor denne stemning staar afholdsfolk af underklassen omtrent magtløse; deres ord naar sjelden ind i overklassekredsene og har vanskelig for at vinde dem. De afholdsfolk, som skal kunne virke paa overklassens i dette punkt særlig forhædede sind, maa selv staa paa høide med den i dannelse, dygtighed og formel evne og dertil eje karakterstyrke nok til at hævde sit afholdsstandpunkt, selv om de staar alene med et helt selskab mod sig, og selv om deres egen karriere sinkes ved den upopularitet, de derved paadrager sig.

Det er derfor meget at ønske, at N. S. U. A. særlig maatte kunne drage den evnerigeste, flittigste og stærkeste ungdom til sig. Vore agitatorer skulde lægge særlig vægt paa at vinde førerne inden den studerende ungdom.

Men dette arbeide inden overklassen er ikke den eneste fremtidsopgave, N. S. U. A.s medlemmer skal ruste sig for. Ogsaa den store folkelige afholdsbevægelse trænger i høi grad kræfter med højere dannelse end folkeskolens.

Den totalafholdne studerende ungdom har bedre forudsætninger for at forstaa og bruge den videnskabelige literatur om alkoholspørgsmaalet og bliver derved i stand til at rense agitationen for feil og overdrivelser, udbytte forældede, rustne og stumpe vaaben med nye, blanke og skarpslebne og hindre hele bevægelsen fra at stivne i dogmatik. Det er de brede lags store ære, at de har baaret afholdsbevægelsen frem til dens nuværende magtstilling trods overklassens modstand. Men det har ikke kunnet undgaaes, at afholdsbevægelsen derved samtidig har faaet et underklassepræg. N. S. U. A skal saavist ikke prøve at sætte noget snobbepreg paa den, men efterhvert som vort forbund vokser, og dets medlemmer gaar ud til sit arbeide i og for folket, skal de søge at slibe bort uskjønne kanter og særheder, saa afholdsbevægelsen træder frem i al sin ideelle skjønhed som en stor almenmenneskelig kamp for det hele samfunds sundhed og lykke.

N. S. U. A. bør saaledes virke som en skole, hvorfra afholdsbevægelsen faar talere og skribenter, som evner at tage kampen op med selv de mest oplyste modstandere.

Men vore medlemmer skal ikke tjene denne sin værneplikt, før de er modne til det, dertil er kampen nu altfor haard og ond i vort land. Vor ungdom skal ikke segne, saaret i sjælen af alkoholpressens giftpile; først skal den have faaet erfaringens rustning.

Selv om N. S. U. A. paa landsmødet i Trondhjem 1912 strøg bestemmelsen om neutralitet i afholdspolitikken, bør i hvert fald

skoleforeningerne fremdeles holdes strengt udenfor afholdspolitikken og fjærnt fra al offentlig optræden. Hertil kommer, at den studerende ungdom ikke har synderlig tid at ofre paa arbeide udad, hvis dette ikke skal hemme den i dens egen uddannelse. Forældrene bør aldrig faa skjellig grund til at sige, at deres barn fik en daarlig eksamen, fordi N. S. U. A og afholdsbe-vægelsen tog for meget af deres studietid. Kun den tid, anden ungdom søler bort med kortspil og lignende unyttige adspredelser, skal N. S. U. A.s ungdom ofre afholdssagen.

Dette maa endelig ikke misforstaaes, som om N. S. U. A.s medlemmer skal forsage al naturlig fornøielse! Tvertom. Først og fremst det sunde friluftsliv ude i naturen til fods, paa ski og skøiter, paa cykle eller i baad maa N. S. U. A.s ungdom aldrig forsømme. Men ogsaa det kameratlige liv i foreningens møder og fester skal prægnes af naturlig livsglæde Her har N. S. U. A. netop den særlige opgave at føre det praktiske bevis for alkoholens fuldstændige overflødighed for et smukt og glædebringende festliv. Vi skal vise, at det ikke er noget ”offer”, nogen ”forsagelse” af livsglæde, naar ungdommen ligesaalidt vil bruge alkohol som opium.

En af det 18de aarhundredes mest kjendte læger, schweizeren Albrecht von Haller (1708-1777) var afholdsmann. Han var en af den moderne fysiologis forløbere og vandt ogsaa ry som botaniker, digter og politiker. I sit berømte digt ”Die Alpen” (1782) siger han til indbyggerne i de egne, hvor der ikke kan dyrkes vin:

”Beglückte, klaget nicht! Ihr wuchert im Verlieren ;
Kein nöthiges Getränk, ein Gift verlieret Ihr !
Die güttige Natur verbietet ihn den Thieren,
Der Mensch allein trinkt Wein und wird dadurch zum Thier”

Til dette syn paa alkoholnydelsen maa N. S. U. A. søge at føre sin ungdom. Da vil vort forbund kunne gjøre en vigtig indsats i det norske afholdsarbeide, selv om historien skulde komme til at fortælle, at vi først kom med i den ellefte time. Det kan dog faa indflydelse paa kampens udfald og seirens varighed.

Johan Scharffenberg.

FORBUNDS - SANGEN.



2. Vi lovet den vakt, og vort løfte klang langs hundrede fjorde på færdens.
 En fylking av ungdom i daad og i sang på sommerseilas gjennom verden,
 i lys av vort merke, det strålende sterke - slik stævner vi frem langs de tusen hjem!

3. Og skaren skal økes fra dag til dag, og Norge skal lytte til sangen.
 Og flagget skal bølge i store slag og friskere lyse fra stangen.
 Det kan ikke falde! Vi værger det alle.
 Hurra for dets vakt: vår begeistrings makt!

Fr. Paasche

Forbundssangen

(Som: "Du spørger mit barn efter broder din")

Vi kommer med ungdommens ranke mot
 og kundskapens adel i eie.
 Fra daadløse drømme vi kalde lot
 til færd over fremtidens veie.
 En sommer derute
 vi bygget en skute,
 som bar os til slag under dagblaat flag.

Vi lovet den vagt, og vort løfte klang
 langs hundrede fjorde paa færdens.
 En fylking av ungdom i daad og sang
 paa sommerseilas gjennom verden,
 i lys av vort merke,
 det straalende sterke -
 slik stævner vi frem langs de tusen hjem.

Og skaren skal økes fra dag til dag
 og Norge skal lytte til sangen.
 Og flaget skal bølge i store slag
 og friskere lyse fra stangen.
 Det kan ikke falde!
 Vi værger det alle
 Hurra for dets vakt: vår begeistrings magt!

Fredr. Paasche

Symra Nr. 1 1933

Hvad vil vi?

Av overlæge JOHAN SCHARFFENBERG.

Spørsmålet bør tvedeles. Hovedspørsmålet er hvilken opgave den organiserte total-avholdsbevegelse har stillet sig.

Et bispørsmål er hvilken særlig opgave den totalavholdne studerende ungdom kan og bør stille sig som sitt bidrag til løsningen av den for hele avholdsbevegelsen felles opgave.

Totalavholdsbevegelsens mål er å avskaffe selve bruken av alkohol som nytelsesmiddel, N.B. ikke bare ”misbruken”. Dette kan motstanderne ikke få inn i sitt hode, fordi deres ideal er måtehold, ikke avhold, og derfor innser de ikke berettigelsen av totalavholdsbevegelsen hvis den går ut over den strengt begrensede opgave å redde drankerne. Innsiktsfulle måteholdsfolk erkjenner nemlig at alkoholikerne bare kan reddes ved totalavhold, og da trenges det foreninger hvor også nøkterne menesker forsverger alkoholen for redningsarbeidets skyld. Men utover dette formål anerkjenner måteholdsfolk som regel ikke totalavholdsprinsippet.

Historisk sett blev dette ganske visst også først opstillet som det radikale middel til å forebygge misbruken, ut fra setningen: ”Bruken føder misbruken”, og erfaringen viste snart at dran-kerne kan reddes gjennom totalavhold, men også at det dessverre bare er en brøkdel av dem som virkelig vil reddes eller har viljestyrke nok til å motstå fristelsen. Den tanke at det derfor er best å forebygge at nogen blir dranker, ved å avskaffe selve drikkeskikkene, er uangripelig logisk, og så stort et onde som alkoholismen er, vilde allerede dette formål være tilstrekkelig grunnlag for totalavholdsbevegelsen. Men svakheten ligger dels i den egoisme som ikke gjerne forsager en nytelse for andres skyld, dels i den innvending at denne klassiske begrunnelse av totalavholdsprinsippet kan fortolkes derhen at det i og for sig ikke vilde være noget å innvende mot selve bruken hvis den bare ikke førte så mange til misbruk. Denne innvending utdypes ytterligere av mange psykiatere med den påstand at bare de arvelig psykoptisk disponerte mennesker blir alkoholikere, og herav har så enkelte ”rasehygienikere” (f.eks. Stockard og Pearl) trukket den slutning at alkoholen renser slekten ved å utrydde skrapet.

Derfor bør angrepet på bruken ikke føres bare med det i sig selv sanne argument, at den fører mange til misbruk. Man bør undersøke grunen til at menneskene elsker alkoholnytelsen. Den analyse jeg

annetsteds har foretatt av dette spørsmål og ikke kan gjenta her, fører til det resultat at det spesifikke ved alkoholnytelsen er alkoholens narkotiske virkning på hjernen. Alokoholnytelsen kan derfor sammenlignes med opiumnytelsen (selv om den psykologiske virkning er forskjellig), men overfor opiumnytelsen vil få europeere hevde et måteholdsstandpunkt, skjønt det er en kjensgjerning at den ikke gjør større skade i orienten enn alkoholnytelsen i Europa.

Den moderne avholdsbevegelse anser det alkoholfri levesett som det naturlige og normale, ganske som det opiumfri, og fordømmer derfor alkoholbruken i seg selv og ikke bare som misbrukens kilde.

Dette er et overordentlig radikalt standpunkt, et brudd med årtusen-ers tradisjon, en anklage mot flertallets vaner og en utfordring mot en av verdens stormakter, alkoholkapitalen. En virkelig seier for totalavholdsprinsippet vil virke som en revoltering av den hvite rases liv både i moralsk og økonomisk henseende.

Det vilde føre for langt her å drøfte ved hvilke midler totalavholdsbevegelsen bør søke å nå sitt mål og hvorvidt dette overhodet er opnåelig. Her gjaldt det bare å svare på det hovedspørsmål hvad den organiserte totalavholdsbevegelse vil.

Hvad kan så den totalavholdne studerende ungdom utrette som et litet ledd i den store bevegelse?

I en nu avlegs studentersang heter det: ”Herrer er vi i åndens rike”. Vi vet nu heldigvis at vi bare er tjenerne i åndens rike, men allerede dette er et stort privilegium. Mens dens fleste jevnaldrende må bruke sin meste kraft og tid til kroppsarbeide - om de da ikke i denne forbannede tid er arbeidsløse -, har den studerende ungdom åndsarbeidet som sin hovedoppgave, ved store ofre av samfundet og slekten, naturligvis ofte også fra dens egen side gjennom gjeld som veksel på fremtiden.

Og mange av denne ungdom vet at de efter endt utdanning skal gå til ansvarsfull gjerning i samfundet som læger, lærere, dommere, ingeniører o.s.v.. Allerede dette medfører plikt til å holde sjeleorganet, hjernen, fri for skadelige påvirkninger. - Og med de ansvarsfulle stillinger mange av denne ungdom senere kommer til å innta, følger stor innflytelse på opinionen og på skikkene og dermed plikten til et levesett som kan være forbillede for folket. Skjønt bare et lite korps i avholdshæren, får den totalavholdne studerende ungdom derved en særlig ansvarsfull opgave: å søke å vinne sine studiekamerater for totalavholdsprinsippet. Og i det felles store avholdsarbeide får den gjennom sin åndelige trening og sine kunnskaper en særlig plikt til å delta i opplysningsarbeidet, ved kritisk å mønstre ut alle foreldede og rustne våben og erstatte dem med nye blanke og skarpe. Uten

hovenhet, i dyp ærbødighet for det store oprydningsarbeide avhold-sorganisasjonene hadde utført lenge før den studerende ungdom kom med i kampen, skal den melde sig til tjeneste for den store tanke: en alkoholfri kultur for hele folket. -

Johan Scharffenberg

PIONERPORTRETT



Idar Handagard var ei viktig drivkraft i Studentavholdslaget i Oslo på 1890-talet, og var såleis ein av dei som la grunnlaget for stiftinga av NSUA.

Idar Handagard (1874-1959) – kunnskapsrik og idealistisk kulturarbeidar

Idar Handagard er ein av dei mange kulturarbeidarane som gjorde fråhaldsrørsla til noko meir enn berre ei rørsle som arbeidde for å hindre omsetting og bruk av rusmiddel. Han var fødd i Kristiansund og rekna seg som nordmøring, enda han berre var 12 år gammal då han flytta derifrå til Bergen. Frå 1893 studerte han medisin i Kristiania, og han fekk ein flott eksamen i 1905. Men ved sidan av medisinstudiet dreiv han forskning på andre felt, og i 1907 fekk han Kongens gullmedalje for ei avhand-

ling om norske plantenamn. Same året fekk han og pris for den første nynorske læreboka i helselære: "Mannalikamen og helsa",ei bok som etter kvart kom i mange opplag.

I studietida engasjerte han seg aktivt i fråhaldsarbeid. Han gav opp den kristne grunngjevinga for fråhaldsstandpunktet som han hadde med seg heimanfrå, men la vekt på den naturvit-skapelege og etiske. Han skreiv dikt og bokmeldingar i "Menneskevennen", bladet til DNT, og han var med og fekk liv i Studentavholdslaget i Oslo igjen, som fekk ei stordomstid i dei åra Handagard var drivkrafta, på 1890-talet. Også i Oslo Avholdslag var han med, og fekk m.a. i gang amatør-teaterverksemd der.

Efter kvart var det som skribent og diktar Idar Handagard først og fremst blei kjent, og mykje av engasjementet vart knytt til målrørsla og aktivt arbeid for nynorsken. I 1905 stod han på ytterste venstre fløy i striden om sjølvstende og kongedømme, og han hadde mykje sans for Oscar Nissen, DNT-leiar 1879-87 som vart leiar av Arbeiderpartiet frå 1906-11.

Idar Handagard kom ikkje til å praktisere som lege, men ville leve av måldyrkingsarbeid i medisin og botanikk. Han gav ut over eit halvt hundre bøker: lærebøkene i helselære og

hygiene og fagbøker som "Doktorboki" (1913), "Vanlege sjukdomar" (1925), "Saftboki" (1915) og bøker med historiske og litteraturhistoriske emne. I 1932 gav han ut den første norske verselæra "Norsk verslæra", som i mange år var nytta som lærebok på universitetet. Idar Handagard var frå 1932 statsstipendiat som vitskapsmann.

Fråhaldsrørsla kom til å ha stor og varig glede av kunnskapane og skriveevna til Idar Handagard. Han skreiv ei lang rad artiklar frå fråhaldsrørslas historie, m.a. om "Afholds-arbeidet ved Kristiania Universitet" (1902), om Oscar Nissen (1943), Asbjørn Kloster (1950), Fredrik Tobias Knudsen (1927) og Carl Reynolds (1951), og om "Brennevinet. Kva tid kom det inn i Noreg? Når vart det ein vanleg rusdrykk her i landet?" (1951). Spesielt interessant er det litteraturhistoriske verket "En samfunds-ide og dens digtere I - II" som kom i 1915 saman med ein "Anthologi". Mange diktsamlingar gav han og ut, både på nynorsk og bokmål, og fleire av dikta er klassikarar i songbøkene i fråhalds-rørsla, t.d. "Syng vor sag i toner frem / syng den lydt og længe!"

Kjelder:

Handagard, I: Afholdsarbeidet ved Kristiania universitet.

Afholdsvennernes Aarvog 1902

Bakken O./ Sundet O.: "Idar Handgard - mannen og livsverket hans". Globusforlaget 1944

Johnsen,H.:Norsk Avholdslitteratur II. Oslo 1954.

Særaa, Ø: Idar Handagard 85 år. (Folket 7/8-1959)

Norsk Allkunnebok bd. 5 (1953)

BIBSYS Søkeresultat Nasjonalbiblioteket.

Brørne Halfdan og Haakon Duckert – blant norsk ungdoms avholdsarbeids "varmeste og mest begeistrede forkjempere" Pastor Carl Viggo Duckert (1859-1928) og kona Maren (d. 1911) hadde 2 søner som kom til å bli svært sentrale i NSUA i etableringsperioden. Pastor Duckert var eigentleg dansk metodist-prest, men kom til å ha mesteparten av yrkeskarrieren sin her i landet. Han var sterkt engasjert i IOGT- arbeid , m.a. som talar, i tillegg til at han ei årrekke rundt 1900 redigerte den interessante Afholds-vennernes Aarvog. Dei 2 sønene Halfdan og Haakon kom til å engasjere seg sterkt i etableringa av NSUA. Halfdan Emanuel var fødd i 1881, og studerte medisin. Alt i barne- og ungdomsåra kom han med i IOGT,

og då han vart student, såg han det som svært beklageleg at så få av medstudentane kom med i fråhaldsrørsla. Då Studentavholdslaget vart invitert til Jønkøping i 1903 for å delta på den svenske studentavholdsrørslas årsmøte (SSUH), vart Halfdan Duckert vald som utsending. Entusiastisk kom han heim igjen frå møtet med nye svenske venner, og engasjerte seg sterkt i arbeidet med å etablere og organisere NSUA og å sikre eit økonomisk fundament, *"så man med fuld ret kan sige, at han er denne organisations fader i dette land."* Men tuberkulosen hadde alt festa tak i han, så han ikkje kunne delta på NSUAs stiftingsmøte i november 1904, og 22.april 1905 døydde han.

Broren, Haakon Adelstein, var fødd i Helsingør 1884, og han studerte juss. Han kom med i den komiteen som Studentavholdslaget sette ned i september 1904 med mandat *"dannelsen av et avholdsforbund for den studerende ungdom i Norge."* Denne komiteen, samansett av jus-studentane Bjarne Didriksen, Haakon Duckert og Olaf Hegland utarbeidde nødvendig lov- og regelverk til stiftingsmøtet 14.november 1904. I det første styret i NSUA vart Haakon Duckert sekretær, og han gjorde m.a. ein stor innsats med å starte ein serie av "NSUAs småskrifter", og det var etter forslag frå han i august 1906 at tidsskriftet "Symra" starta opp. Haakon Duckert heldt fram i forbundsstyret heilt fram til 1910, frå 1908 som formann. I 1910-11 studerte han sosialøkonomi og forsikringsvitskap i USA. I åra 1917-36 budde han i Haugesund, og her var han først formannskapssekretær, deretter i 2 år sjef for det nyoppretta folkeregisteret. Han var også konstituert borgarmeister eit år, og konstituert politimeister 1923-24 og periodevis seinare. Frå 1922 dreiv han sakførarverksemd i byen, og var ein aktiv politiskar for Venstre, m.a. fast formann i Overformynderiet 1920-36. I 1936 flytta han tilbake til Oslo, tilsett som høgskolesekretær på Veterinærhøgskolen. Denne stillinga hadde han til han gjekk av for aldersgrensa i 1954.

Kjelder :

Godtemplarordenen i Norge 1892-1927

(v/G.Krogshus og J.Rian)

NSUAs jubileumsskrift 1914 og 1932.

Afholdsvennernes Aarvog 1906.

(minneord om Halfdan Duckert)

Hatlo, S.M.: Norges advokater og sakførere, Oslo 1932

Norland, Knut: Haugesund kommunale administrasjon

1930-1998.

Diverse omtalar i Haugesunds avis (30/6-24, 22/3-34, 18/4-36)

Informasjon frå Veterinærhøgskolen

Ragnar Vogt (1870-1943) – første formannen i NSUA

Ragnar Vogt var den første formannen i NSUA, frå starten i 1904 til 1907, og så ein ny periode igjen frå 1910 til 1913.



Ragnar Vogt-første formannen i NSUA

For ein organisasjon som ønskte å endre holdningane til alkohol blant studentar og akademikarar, var Ragnar Vogt "en stille lærer for tenkende og søkende sinn. Han skapte større aktelse og forståelse for avholdssaken i akademiske kretser, og gjennom dem vil hans gjerning fremover i tiden sette spor i folket."

Slik karakteriserer Johan Scharffenberg forgjengaren sin som leiar i NSUA. Ragnar Vogt var fødd i Tvedestrand, og var ein

topp utdanna lege med studiar både i Noreg, Danmark og Tyskland. Han spesialiserte seg i psykiatri og alkoholistbehandling, og vart i 1915 landets første professor i psykiatri. Stillinga som overlege og professor hadde han til han gjekk av i 1940.

Fråhaldsmann vart han som vaksen, under studieopphaldet i Heidelberg i Tyskland i 1898, under påverknad av professor Kraepelins eksempel og påverknad, og under inntrykket av undersøkingane som vart gjort ved klinikken av alkoholens verknad på hjernen. Vogt kom sjølv til å bidra til desse undersøkingane gjennom eigne forsøk med verknaden av små alkoholdosar på minnet. Den nye forskinga gav sterk støtte til ei konsekvent avvisning av alkohol som nyttingsmiddel. Samtidig var det viktig for Vogt å understreke at i tillegg til dei medisinske kunnskapane var det framleis dei psykologiske som var viktigast: at bruk er årsak til misbruk, at eksemplets makt er viktig, og at "dei måtehaldne er forførarane."

Då Ragnar Vogt kom igjen frå utlandet, sa han ja til å vere

Kamp og kunnskap gjennom 100 år - side 18

formann i Studentenes avholdsforening frå 1901-1904, og deretter tok han altså på seg leiarvervet i NSUA. Med Ragnar Vogt vart det ein av landets aller fremst legar og alkoholforskarar som kom til å prege den nye organisasjonen og sette ein standard for synspunkta og argumenta derifrå. I tillegg til ei lang rad vitenskaplege arbeid og offentlege oppdrag han hadde som fagperson, var han og livet ut ein aktiv fråhaldsmann, m.a. som foredragshaldar, medarbeidar i "Menneske-vennen" (bladet til Det Norske Totalavholdsselskap), medlem av Landsrådet for edruelighetsundervisning, tilsynslege ved Hvite Bånds kursted på Jeløya, og aktiv deltakar på internasjonale kongressar om alkoholspørsmålet.

Men viktigare enn dei medisinske synspunkta vart meir og meir dei etiske. Han ønskte å sjå dei mange sidene av livet "under evighetens synspunkt". Totalavhold var ikkje berre ei føremålstenleg leveregel, men eit etisk krav. Liv og lære måtte fungere saman. Meir enn dei fleste makta Ragnar Vogt å leve opp til eit slikt krav.

Kjelder:

Scharffenberg, J.: Ragnar Vogt.

(I "Alles vel er vårt mål. 21 profiler i norsk edruskapsrørslé.") Oslo 1960

Johan Scharffenberg, Ragnar Vogt, Sven Aarrestad. Biografier. Bibliografier.

Landsrådet for Edruelighetsundervisning 1948

Sundet, Olav : Ragnar Vogt – Norges første professor i psykiatri. Oslo 1980

Johan Scharffenberg (1869-1965)

- "avholdsfolkets våkne intellektuelle samvittighet"

Då Johan Scharffenberg i 1939 fylte 70 år, vart det gitt ut eit stort festskrift på 472 sider under mottoet "Frihet - Sannhet". Skrifet inneheldt artiklar om "flest mulig sider av alkohol-spørsmålet". Men den lange lista bakerst over Johan Scharffenbergs skrifter og artiklar, viste at Johan Scharffenberg ikkje berre hørde edruskapsrørsla til, men var ein nasjonal samfunnslege og stridsmann, "ein norsk Sokrates". Johan Scharffenberg var fødd i Moss i 1869, men budde i Molde i åra 1883-93, og Scharffenberg rekna seinare denne byen som heimbyen sin. Tidleg hadde han bestemt seg for å



Johan Scharffenberg formann i NSUA 1914- 1917, og deltok på sitt siste landsmøte i organisasjonen i 1962. Da var han 93 år gammel.

bli sinnssjukelege. Legestudia fullførte han i 1897 med glimrande resultat. Dei allsidige interessene hans hadde samtidig fått han til å gi ut "Hjemløse sange", han engasjerte seg sterkt i student-, unions- og venstre-politikken, og han var aktivist på ytterste venstre side i 1905 i arbeidet for union-soppløysing og republikk. I tillegg markerte han seg som ein flittig avis-skrivent, og han begynte å samle stoff m.a. om sinnssjukevesnets historie. Men noka stilling ved Universitetet fekk han ikkje. Innlegga hans til fordel for universitets-reformer og studentrepresentasjon "hadde rystet de ærverdige herrer så støvskyen stod omkring dem." Han fekk mange vener i arbeidarrørsla, men Scharffenberg vart aldri nokon fast tilhengar av eit bestemt politisk parti. Han hadde korkje vilje til eller føresetnader for kompromiss og "det muliges kunst."

I 1905 vart Scharffenberg tilsett som styrar av Oslo kommunale sinnssjukeasyl for kvinner. Frå den tida arbeidde han som lege og psykiater, m.a. ved Botsfengslet og Oslo Hospitals sinnssykeasyl. I samfunnsdebatten om psykiatriske og kriminologiske emne kom Scharffenberg til å spele ei framstående rolle, m.a. med framlegg om reformer i fangebehandling, sinnssjukevesen og straffeutmåling. Han var ein sterk motstandar av dødsstraff, og rekna det som eit stort tilbakeskritt då dødsstraffa vart tatt i bruk under rettsoppgjeret etter 2. verds-krigen.

Det var dei medisinske studia som vekte Scharffenbergs interesse for edruskaps-spørsmålet og i 30-årsalderen gjorde han til fråhaldsmann. Han sette seg inn i faglitteraturen om alkohol, og konkluderte med at ein lege for sinnssjuke som ikkje var fråhaldsmann, ikkje gjorde plikta si. Og frå 1902 til 1933 var edruskapsarbeidet hovudinteressa hans. Han vart ein svært etterspurt foredragshaldar om alkoholspørsmålet, og vart medarbeidar i "Menneskevennen", bladet til DNT og i "Afholdsbladet", bladet til DNGTO, var medredaktør av "Folket" 1919-1934, i tillegg til at han skreiv eit utall artiklar i dagspressa. Avvisinga av alkohol hadde for Scharffenberg både medisinske og etiske grunnar. Alkoholen var skadeleg

for hjernen, og dermed m.a. spesielt skadeleg for sinnssjuke og for barn og ungdom. Samtidig var fridom frå alkohol ledd i arbeidet for eit best mogleg samfunn. Vilkår for størst mogleg lykke for individ og samfunn var nettopp å vere fri frå alkohol. Tilhøvet mellom alkohollovgjevinga og den personlege fridomen kom såleis til å bli det emnet som opptok Scharffenberg sterkast. Dess meir handlemåten vår blir avgjort av krefter i vårt eige sinn, dess friare er personlegdommen. Rus er ei midlertidig oppløysing av denne personlegdommen, og opphevar derfor fridommen. Totalt fråhald frå rusmiddel er den logiske konklusjonen. Mennesket har plikt til å vere fri, og å vere sann. Kunstig livsglede basert på eit narkotisk stoff, er i strid med fridomskravet.

Johan Scharffenberg kom med som medlem av Norges Studerende Ungdoms Avholds-forbund (NSUA) i 1905. Han var formann i organisasjonen i ei kritisk tid frå 1914 til 1917, og deltok på landsmøte i NSUA så seint som i 1962, 93 år gammal, med ei oppfordring om å halde fast ved "den alkoholfrie livsførsels velsignelse". Det var eit radikalt standpunkt å vere avholdsmann. Hovudinnsatsen sin på edruskapsområdet gjorde Scharffenberg elles for å få til ei god alkohollovgjeving, han arbeidde aktivt for å få arbeidarrørsla til å sjå edruskapskampen som ein frigjeringskamp og å engasjere seg mot alkoholkapitalen.

I alt sitt opplysningsarbeid la Scharffenberg stor vekt på sakleg informasjon, sanning, sjølvstende og rettferd. Såleis var det og naturleg at han kom til å bli eit samlingsmerke i motstanden mot nazismen og okkupasjonen sommaren 1940. 2 kronikkar i Arbeiderbladet 25. og 28.mai under overskrifta "Vivere non est necesse – det er ikke nødvendig å leve" fungerte som ei oppfordring til befolkninga om motstand, og han vart hylla som ein av dei sentrale frigjeringsleiarane i mai-juni 1945.

Kjelder:

"Alles vel er vårt mål" (v/Arendt Midtbø). Oslo 1960

"Frihet - Sannhet" Festskrift til Johan Scharffenberg 1939

Johan Scharffenberg 1869-1969. Norsk tidsskrift om Alkoholspørsmålet nr. 3-4/1969

Sundet,O.: Johan Scharffenberg. Samfunnslege og stridsmann. Oslo 1977

Karl Marthinussen (1890-1965)

– herfører for den store tanken

Karl Marthinussen kom som ungdom i Bergen med i NSUA, og han vart raskt ein av dei berande i organisasjonen, som tillitsvald og som ideolog og agitator. Han rekna seg som NSUA-itt heile livet, men samtidig vart han ein hovudtalsperson for heile fråhaldsrørsla så lenge han levde og til han døydde, på foredragsturne for fråhaldsrørsla.



Karl Marthinussen, kom med i NSUA i Bergen, og vart med i forbundsstyret i perioden 1911 og 1912.

Karl Marthinussen vart fødd i Bergen, utdanna seg til teolog, og var prest i Bergen fram til 1949, og deretter biskop i Stavanger. Stud. teol Karl Marthinussen vart vald inn i landsstyret i NSUA under landsmøtet i Stavanger i 1911, og kom også med i 1912. Alt i studietida reiste han på foredragsturne for NSUA, og stifta eller gjenopplivde lag. Seinare rekna han seg alltid som NSUA-itt, og stilte ofte opp når orgnisasjonen hadde behov for støtte. Då NSUA i 1924 etablerte seg med "fylkesformenn" som skulle danne nye lag og hjelpe dei eksisterande, er det t.d. pastor Karl Martinussen som står oppført som fylkesformann i Hordaland.

Karl Marthinussen vart ein av dei aller fremste i landet til å målberede edruskapsrørslas synspunkt i tale og skrift. I tillegg til gjerninga si som ein svært samfunnsaktiv teolog, gav han ut ei lang rekke bøker, m.a. eit 3-bindsverk om "Store menn i tankenes verden", og om edruskapstanken spesielt "Kampen for en stor tanke" og "Glasset i skjønnet." Heftet hans om "Hvorfor avholdsmann?" vart trykt opp og spreidd i store opplag. I mange år var han medlem av

Statens Edruskapsråd, og for samfunnsinnsatsen sin fekk han ikkje berre NSUAs gullstjerne, organisasjonens høgste utmerking, men han vart i 1963 også utnemnt til kommandør av St. Olavs orden.

Kjelder:

Øystein Søråa: Karl Marthinussen.

Minneord. Folket 5.juni 1965

Mix Anker Møller (1896-1959) og Tove Kathrine Møller (1891-1981) , – to søstre som sette preg både på NSUA og på samfunnsdebatten



Til venstre: Mix Anker Møller var NSUA sin første kvinelege leiar i 1918. **Til høyre:** Tove Mohr (tidlegare Tove Kathrine Møller) var aktiv både i NSUA sitt forbundsstyre i åra 1907- 1910 og Student-avholdslaget i Oslo, der som den første kvinnelige leiearen i 1911

Frå det radikale miljøet på Thorsø herregård ved Fredrikstad kom 2 søstre som begge kom til å sette tydelege spor etter seg i NSUA. Det var Mix Anker Møller (1896-1959), den første kvinnelege leiaren av organisasjonen. Ho var stud.jur då ho under forbundsmøtet i Haugesund i 1918 vart vald til leiar, og ho sat i leiarvervet i 2 år. Tidlegare hadde ho hatt ulike tillitsverv spesielt i studentavholdslaget i Kristiania, og var m.a. vald til formann hausten 1917, i ein vanskeleg periode for laget, m.a. på grunn av krigen. Men som det heiter i 50-årsskriftet : Ho gjennomførte eit program som fullt ut kunne måle seg med tidlegare tider, og " elles var foredraga svært allsidige; dei fømnde frå fredssaka til greske tenkjarar og frå "Drik og boligsak" til "Hvad tiden kræver av oss."" Mix Anker Møller vart cand.jur, og arbeidde deretter ei tid i Sosialdepartementet før ho gifta seg med skogeigar Otto Braathen i Sundsvall og etablerte seg i Sverige. Her døydde ho i 1959.

Søstera hennar, Tove Kathrine Møller (1891-1981), vart gift med anatomiprofessor og universitetsrektor Otto Lous Mohr, som i sine ungdomsår var ein av leiarane i Studentavholds- laget, og som også seinare var aktiv i edruskapsarbeidet, m.a. som leiar i Statens Edruelighetsråd frå 1938. Tove kom etter kvart til å bli den mest kjente av søstrene frå Thorsø. Ho kom også med i Studentavholdslaget i studietida, og var medlem av forbunds-styret i NSUA i åra 1907-1910. I 1911 vart ho vald til formann i Studentavholdslaget "Hun har den Ære at være den første Kvinde, som beklær Formandspladsen i en Studenter-korporation", sto det i ein avisnotis. I 1917 tok

ho tok medisinsk embetseksamen. Snart kom ho til å markere seg tydeleg som dotter til den kjente framstegskvinna Katti Anker Møller, som ei sterk talskvinne både for edruskap og for ei liberal abortlovgeving. Tove Mohr kom i 1922 med i straffelovkomiteen, og fekk snart ei lang rad offentlege oppdrag. M.a. var ho med og førebudde lov om edruskapsnemnder, og ho var med i Edruelighetskomiteen av 1947.

I 18 år var ho medlem av Oslo Edruelighetsnemnd, dei siste 4 som leiar. Ekteparet Tove og Otto Lous Mohr var i mange år eit par som på ein spesielt god måte representerte både NSUA og edruskapsrørsla i samfunnsdebatten.

Kjelder :

Tove Mohr : Katti Anker Møller – en banebryter. Tiden 1968
Øystein Særaa : Tove Mohr 70 år. Folket 28.febr 1961
Helland, Alv H.: Studentavhaldslaget gjennom 50 Aar. NSUAs forlag 1933



Bjarne Rognlien, vart formann i Studentavhaldslaget i Oslo i 1915, og formann i NSUA i 1920-22

Bjarne R. Rognlien (1891- 1981) - ein av dei fremst juristane i NSUA

Bjarne Randers Rognlien er blant dei fremste juristane som opp gjennom åra har gjort seg sterkt gjeldande i NSUA. Han var fødd i Eidanger, og hans første møte med NSUA var i Skien, der stud. philol Fredrik Paasche kom i 1908 og heldt foredrag og makta å engasjere ca 20 ungdommar til å melde seg inn i organisasjonen. Seinare kom Rognlien til Oslo og studerte juss, og han vart cand. jur i 1916. I 1915 var han formann i Studentavholdslaget i Oslo, og på forbundsmøtet i Nidaros i 1920 vart han – som advokatfullmektig – valt som formann i NSUA. Han var formann i 2 år, og denne perioden var ein solid periode med auke i medlemstalet opp til vel 900, og nye lag m.a. på Nesna, og særleg sterk medlemstilgang i Volda og på Voss. Samtidig vart det årlege statsbidraget auka til 2000 kr, og "Fremtids-fondet" nesten dobla til 7220 kr. - Seinare vart Bjarne Rognlien m.a. sorenskrivar fleire stader i landet og høgsterettsdommar, og

han hadde ei lang rad tillitsverv i samfunnet, m.a. som var-aordfører i Bærum før krigen, og kst. fylkesmann i Nordland like etter krigen. Han var ein av dei 7 som var med og stifta Motorførernes Avholdsforbund i 1928 og sat i styret til 1935, og han var styremedlem i den norske dommerforening 1949-54. Edruskapsarbeid var han opptatt av heile livet. Han var ein sterk pådrivar for å få til ei skikkeleg promille-lovgjevning i trafikken, medlem av Edruelighetskomiteen av 1947, medlem av edruskapsnemnd, og medlem av Avholdsfolkets Landsnemnd i åra 1953-65.

Kjelder :

Norsk Allkunnebok, bd 9, 1959
MA – de første 50 år. 1978 (v/Steinar Hauge)

MINNESTOFF FRÅ 1930-TALET TIL CA 1980



Sigmund Gjelsvik, kom med i NSUA under studietida i Oslo på 1930-talet, og vart seinare primus motor i NSUA-laget "Sverre" på Orkdal Lands-gymnas.

Frå eit lærarliv på Follo.

I 1985 gjorde eg eit intervju med Sigmund Gjelsvik. Han var då pensjonist, men hadde ein lang yrkeskarriere bak seg som lektor ved Orkdal lands-gymnas/vidaregåande skole (gjærne kalla "Follo"). Sigmund Gjelsvik døde 4. februar 2000.

I intervjuet fortalde han om oppvekst og utdanning, og om yrkeskarrieren sin, m.a. gjennom krigsåra. Sigmund Gjelsvik hadde vakse opp i eit lærar-miljø på Røros som var engasjert både i edruskapsarbeid og kristeleg arbeid. Heile yrkeskarrieren sin kom han til å

ha ved Orkdal landsgymnas. Om kontakten sin med fråhalds-rørsla og NSUA fortalde han m.a. :

Det som eg fekk med meg frå godtemplarlosjen (i ungdoms-åra), vart verdifullt for heile livet. Sjølv om mitt viktigaste bidrag i fråhaldsarbeidet seinare vart å vere støttespelar for elevlaget "Sverre" her ved skolen, har eg heile tida stått som medlem av IOGT på Røros, og eg har deltatt med program-innslag – litterære kåseri og liknande, både på Røros og i losje "Bjergmanden" på Løkken.

I studietida mi (på 1930-talet) i Oslo kom eg med i Studentavholdslaget, SA. Det var og ei fin tid, og mange spennande folk å treffe. Der var m.a. Haakon Odd Christiansen ein av dei fremste, saman med Ove Bakken og Christoffer Dannevig Haave og brørne Aalen, som vart professorar, og var noko eldre. Den yngste av dei, Ragnar Aalen, og kona hans, Gudrun Sivertsen – syster til Helge Sivertsen og minst like flink som han – var eg på kull med i norsk hovudfag. Studentavholdslaget var ikkje så stort. Vi hadde møta våre i Aulakjellaren, og det var oftast 20-30 på møta.

Det var vanleg møteverksemd, med foredrag, diskusjonar, song og musikk – nokså enkelt. Studentmållet vart kanskje vel så viktig for meg, det samla mange fleire.

NSUA-laget "Sverre"

Ottar, bror min, hadde vore kontaktperson for "Sverre", det laget som Norges Studerende Ungdoms Avholdslag (NSUA) hadde då eg kom hit første gongen i 1936, og elles var Olav Sundet sentral då. Men han flytta jo før eg vart tilsett her. Også mange andre støtta oppunder fråhaldsarbeidet, m.a. Birger Eftedal. Men under krigen låg arbeidet nede, og også dei første par åra etter krigen.

Men så låg det liksom på meg ansvaret for at eg skulle følgje opp arbeidet etter Ottar, og i 1947 sette eg opp ein plakat og baud inn til møte. Og då kom det såpass mange at vi stifta lag og gjekk i gang, og så heldt vi det gåande til bortimot 1970. Då begynte lagsarbeidet å gå i oppløysing. Det vart då vanskeleg å få nokon til å vere formann i laget. Det varierte sjølvsagt heile perioden: nokre år hadde vi fint mannskap i laget, og andre gonger dårlegare, men laget gjekk då heile tida. Den siste leiaren hadde eg ei kjensle av rømte når han såg meg, fordi han var redd eg skulle spørre korleis det gjekk. Vi hadde alltid styremøte her heime hos meg og la opp plan for arbeidet, men samtidig var det eit vanskeleg spørsmål for meg kor mykje eg skulle legge meg borti aktiviteten. Det var jo best om arbeidet gjekk av seg sjølv. Men av og til var det jo nødvendig å puffe på litt.

Når eg no i ettertid ser over arkivsaker etter laget som eg har her heime, ser eg at eg har lagt meg borti både for mykje og for lite. Eg har ikkje lært dei grundig nok korleis eit slikt lag skal administrerast, m.a. med sekretærens rolle. Det ser eg m.a. av ein protokoll som går frå 1948 til 1958. 2 protokollar av den handskrivne avisa "Andvake" har eg og her. Eg trekte meg ut av arbeidet etter eit instruktørbesøk i 1972, då NSUA var blitt til Forbundet Mot Rusgift (FMR), og instruktøren opptredde med viser og historier som eg hadde liten sans for. Magnhild Haugen trur eg var siste fungerande leiaren i laget, som tok over siste protokollen og bankboka. EF-striden i 1972 bidrog sterkt til oppsplittinga og motsetnadene i organisasjonen.

Protokollen viser at arbeidet i laget varierte mykje. Her var både vanlege møte og festlege arrangement, og om eit fest står det at over 100 hadde vore til stades, og på ein rundebords-konferanse om forhold ved skolen, var festsalen full. Her var det både elevar og lærarar med i panelet. Elles ser eg vel at eg kanskje satsa for mykje på tradisjonelle møteopplegg, med innlegg om allmenne emne, ”Vår sak” – ved ein av elevane der eg gjerne hjelte til med bakgrunnsstoff, t.d. frå avisa ”Folket” – og ein del song og musikk. Av medlemmane i ”Sverre” var ca halvparten også medlemmar av det kristelege skolelaget, og ein viss motsetnad kunne det her vere. Dei som kom frå dette laget var gjerne dei stødigaste og mest pålitelege, og min sympati låg kanskje nokså mykje på den kanten. Store motsetnader var det ikkje, men dei kunne komme til uttrykk på helgekurs på ”Hauklia”, og på den avslutnings-festen som vi brukte å ha på ”Hauklia” for ”Sverre”-russen, m.a. i synet på dans.

Elles nytta vi jo heile lærarkollegiet i arbeidet, til å halde innlegg om sine spesialinteresser. På Torshus folkehøgskole var det og mykje hjelp å få, og mange lærarar frå Fannrem og Orkanger var med. Prost Skrondal brukte vi, og frå Trondheim kom Haakon Odd Christiansen eit par gonger. Steinar Woll, ein perfeksjonist som lærar, men som ikkje sjølv var fråhaldsmann, var ein av dei sværaste til å delta med programinnslag og på debattmøte. Og så kom jo desse riksinstruktørane, og mange av dei var flinke, m.a. Ragnhild Sæltun (Fjærtøft), Gudrun Hage frå Telemark, Liv Hatland og Stein Berg. NSUAs kunnskapstevling deltok vi ikkje så aktivt i, men elles hevda jo Orkdal seg sterkt i kunnskapstevlingane i radioen som vart arrangert mellom skolane.

NSUA hadde og ein del studiearbeid, men det var ikkje så lett å få til å gå, fordi det vart for likt vanleg skolearbeid. Men vi hadde m.a. studieringar i ”Problem på flasker” og psykologi. Og elles vart avisa ”Folket” spreidd blant medlemmane.

Medlemsmassen i ”Sverre” var vel 40-50 til vanleg, men kunne og vere opp mot 60. Det var såleis eit vesentleg innslag i elevflokken. Men det er likevel vanskeleg å seie noko sikkert om kva eit slikt lag hadde å seie generelt for edruskapsstiasjonen ved skolen. Målsettinga om at det skulle gå fleire fråhaldsfolk ut av skolen enn det kom inn, hadde vi nok uhyre vanskar med å leve opp til. Russetida var ei hard tid

for mange. Og det har også vore trist å treffe igjen mange tidlegare ”Sverre”-medlemmar på 10-, 25- eller 35-årsjubileum på Bårdshaug, og sjå kor få det er som då held seg til dei alkoholfrie cocktail-glasa. Men eg veit jo at fråhalds-standpunktet ikkje står sterkt i dei akademiske miljøa som mange av elevane våre gjekk inn i. Eg har ofte følt meg nesten aleine som fråhaldsmann på festar i Lektorlaget. Utviklinga har jo og ført med seg at det har vorte vanskelegare å få arrangert festar i regi av skolen. Tidlegare hadde vi jo lærarane med som vakter, men på grunn av alkoholen, har det blitt vanskar med å få til god nok kontroll. Situasjonen på skolen avspeglar nok berre utviklinga i samfunnet generelt på dette området.”

Intervju med
Sigmund Gjelsvik (1910-2000)

Eivind Hasle

Sentral ressursperson i Trøndelag: Haakon Odd Christiansen, Trondheim. (1910-1989)

H.O.Christiansen tok filologisk embetseksamen i 1940. Under krigen var han lærer i folkeskolen til 1944, da han ble avsatt av tyskerne. Han kom tilbake i 1945, og ble lektor på Strinda realskole og gymnas. Fra nyttår 1963 ble han tilsatt ved Lærerhøgskolen, som leder av pedagogisk seminar, og han var der til han gikk av med pensjon i 1979. Han kom med i avholdsbevegelsen gjennom DNT, og var DNT-leder 1932-34. Gjennom hele livet var han aktiv i DNT, samtidig som han fra 1950-tallet også var sentral i Norsk Læreravholdslag. Han var også aktiv politiker i Trondheim fra 1947 til 1963, og markerte seg som lokal-historiker og litteraturformidler. Som ungdom var han innom NSUA, og opp gjennom åra var han en benyttet ressursperson for avholds-rørsla i hele Trøndelag.

”Jeg er født inn i en DNT-familie, i 3.generasjon på morssida. Det var en betydelig større aktivitet på 1920-30-tallet enn det er nå, med god aktivitet fram til 1950-60-tallet. Tidvis har vi hatt samarbeid med IOGT, og vi har et godt forhold.

Det var nokså naturlig å delta i NSUA i studietida. Studentavholdslaget i Oslo var ganske aktivt på 1930-tallet.

Jeg var hele tiden menig medlem, men hadde et par verv i lands-sammenheng, bare en kort tid. Jeg hadde nok verv på andre kanter.

En av mine første opplevelser i NSUA var et Scharffenberg-jubileum. SA laget en fest som ble holdt dagen før et rundt tall – trolig 60-årsdagen (i 1929). Når festen ble holdt dagen før dagen, visste de at han ville komme. Og ved midnatt reiste Bjarne Rognlien seg og holdt en tale for Johan Scharffenberg. Det var en ren overrumpling, men Johan Scharffenberg reiste seg og svarte, og han var en person som det alltid var en stor opplevelse å høre.

NSUA arrangerte også foredragskurs bl.a. på universitetet, hvor bl.a. Ragnar Vogt var en av foredragsholderne, kanskje den som ble lagt mest merke til, og hvor bl.a. en svensk vitenskapsmann for første gang snakket om promilleproblemer ved bilkjøring – det var faktisk på et NSUA-møte at det for første gang ble introdusert på norsk. Det var trolig i 1933, før vi altså fikk vår første promillelovgivning – jeg tror det var i 1936. Bjarne Rognlien og Ragnar Vogt var også mennesker man hørte på med stor interesse, og Otto Lous Mohr var en av foredragsholderne, så den medisinske fagkunnskapen sto veldig sterkt i avholds-rørsla den gangen. Rektor Didrik Arup Seip var jo medlem av NSUA så lenge han levde, og opptrådte også som foredragsholder og var aktiv med artikler. Så det var en tid da det var mer blest om opplysningsarbeidet enn det har vært mulig å få til seinere. - - ”

Intervju 4/3-1985 v/Eivind Hasle



Bjørn Stigum var NSUA sin første riksinstruktør frå 1948.

Bjørn Stigum – NSUAs første riksinstruktør

Bjørn Stigum tok artium i 1938, 20 år gammel. Høsten samme året begynte han å studere filologi ved universitetet i Oslo. Han hadde alltid vært avholdsmann, og det var naturlig for han å melde seg inn i Studentavholdslaget. Han tror det var medstudenten Kåre Grytli som fikk han til å bli medlem. Det var ganske god aktivitet i Studentavholdslaget. Den aller største

begivenheten i laget opplevde han forøvrig etter krigen. Johan Scharffenberg var foredragsholder. Folk sto i kø for å komme inn. Scharffenberg skulle holde foredrag om forfatningsmessige reformer, og han la fram sine synsmåter sterkt og logisk. Møteledelsen hadde fått en mann til å være opposent og åpne debatten. Vedkommende var imidlertid helt hjelpesløs i denne rollen. Å nei, det var ikke enkelt å hamle opp med Johan Scharffenberg.

Tilbake til krigen: Høsten 1943 stengte de tyske okkupasjonsmyndighetene Universitetet. Mange av studentene ble arresterte og sendt til Tyskland. Bjørn Stigum var blant ”Tysklandsstudentene”, i likhet med Kåre Grytli. En annen framtrедende NSUA-student, John Høgevold, var tidligere dømt til langvarig tukthusstraff av tysk krigsrett på grunn av illegalt arbeid.

Etter krigen fullførte Bjørn Stigum filologisk embetseksamen med norsk hovedfag. ”Bjørnson og alkoholen” var tema i hovedfagsavhandlingen. Den ble senere, i 1949, utgitt i bokform på Gyldendal. Bjørn Stigum mener det var Kåre Grytli som ga han ideen til hovedfagstema.

Det at Universitetet ble stengt og mange av studentene arrestert, rammet naturligvis NSUAs sentrale ledelse. Den opphørte. Det er imidlertid mulig at en viss lagsaktivitet fortsatte ved enkelte skoler. Avholdsorganisasjonene ble jo ikke forbudt under krigen. Etter krigen ble NSUA reorganisert. Bjørn Stigum mener å huske at Dagfinn Mannsåker var formann. Andre sentrale personer var Hallvard Magerøy, John Høgevold og Inger Sollid.

Under krigen var det strenge restriksjoner på alkoholsalg. Etter krigen ble det endringer i dette. Alkoholforbruket steg. Myndighetene var urolige over det, og det ble satset blant annet på opplysningsarbeid. I denne sammenhengen ble det opprettet en rekke riksinstruktør-stillinger som ble knyttet til avholdsorganisasjonene. Det aller meste av riksinstruktørene lønn skulle dekkes av staten, og riksinstruktørene skulle på sin side i hovedsak drive opplysningsarbeid i skoler, institusjoner og i organisasjonslivet, med andre ord drive en utadrettet virksomhet. Virksomhet i egen organisasjon skulle komme i bakgrunnen.

NSUA og Norsk Læreravholdslag (NLA) fikk en riksinstruktør felles, med 2/3 av arbeidet for NSUA og 1/3 for NLA.

Bjørn Stigum var NSUAs første riksinstruktør, fra 1948 til 1953. Han ble godt mottatt på skolene, selv om det ikke ble den store oppslutning om avholdsstandpunktet. Opplysningsarbeid aleine har vist seg ikke å ha særlig virkning på alkoholforbruket i samfunnet, men fordelene med riksinstruktørordninga var at forbundet på denne måten fikk mye bedre kontakt med sine lokallag utover landet. Landsmøtene var høydepunkt, med Ringebu som landsmøtested i reorganiseringsfasen i tidlig etterkrigstid.

På landsmøtet i 1953 ble Bjørn Stigum valgt til formann i NSUA. Han var formann til 1955. Også i denne perioden var landsmøtene minneverdige hendinger. Bjørn Stigum minnes med glede Bjarne Vidars kåseri på landsmøtet på Ringsaker folkehøgskole, og like ens NSUAs 50-årsjubileum som ble markert på restaurant Grotten.

(Etter samtale i juni 2004 med Arne Sørli og Sigurd Birkelund)

Personlege refleksjonar om tida i NSUA

Skuleåret 1947/48 vart det skipa eit NSUA-lag ved den skulen eg gjekk på - Den norske realskulen med gymnas (seinare Hordaland fylkeskommunale gymnas) i Bergen. Eg var med i IOGT og hadde vore aktivt engasjert i arbeidet med å skipe NSUA-laget som fekk namnet Varde. Eg melde meg sjølsagt inn i laget og kom med i styret.

Hausten 1948 reiste eg til Oslo for å studere og kom straks med i Studentavholds-laget. Våren 1950 tok eg på meg vervet som studieleiar i NSUA. Han som hadde vervet, Håvard Skre som studerte medisin, skulle fullføre studiet i Bergen. (Eg fekk elles innføring i arbeidet av Arne Midtbø som også hadde vore studieleiar i NSUA)

Hausten 1950 flytte eg attende til Bergen og hadde alt fått med meg eit nytt NSUA-verv. Det var slik at NSUA hadde eit Vestlands-distrikt med eige styre, og der var eg med. Formann var Håvard Skre (Eg fungerte medan han hadde studieopp-hald i København) . Elles var Reidar Bjørkaas og ektefellen

hans, Oddlaug, med i styret. Ei drivkraft i NSUA-arbeidet på Vestlandet var Einar Skaar, som tok initiativ til å lodde ut ein båt - plassert på Fisketorget i Bergen - for å styrke økonomien. I Bergen var det eit studentfråhaldslag, Mimer, og eg var aktivt med der.

Sommaren 1952 var eg ferdig med militærtenesta, og eg fekk spørsmål om å overta formannsvervet i NSUA etter Erik Himle. Erik var nettopp blitt byråsjef i Forsvarsdepartementet - 28 år gammal - og måtte bruke heile sin (store) kapasitet i den nye, viktige posisjonen han hadde fått. Eg skal nedafor nemne noe av det styret hadde føre seg av aktivitetar:

Våren 1953 sa riksinstruktøren, Bjørn Stigum, frå at han ønskte seg arbeid som lektor i Oslo-skolen. Bjørn hadde uvanleg gode føresetnader for arbeidet som riksinstruktør, og hadde gjort ein stor innsats for NSUA. Det var likevel rimeleg at han som familiemann gjerne ville slå seg til ro i eigen heim i Oslo, og at han ville nytte sine faglege kunnskapar i lektor-yrket. Tanken kom opp om at eg skulle melde meg som søkjar til riksinstruktør-stillingen, og at Bjørn eventuelt kunne ta over som formann. Da NSUA hadde landsmøte i 1953, på Ringerike folkehøgskule, Hønefoss, tilsette styret meg som riksinstruktør, og landsmøtet valde Bjørn Stigum til formann.

Etter to år som riksinstruktør fann eg ut at eg måtte fullføre mi utdanning som jurist, og eg slutta i stillingen sommaren 1955. Eg sluttførde utdanninga. Yrkeskarriere og familieliv tok tid og krefter. Min aktive periode i NSUA var over.

Frå først i 1960-åra kom eg med i styret i Folket - først som varamann, så som fullt medlem og ein del år som formann. Eg trur det var Liv Hatland som sto bak dette - og kanskje Øystein Søraa - og eg oppfatta meg som representant for NSUA/FMR.

Korleis opplevde eg miljøet i NSUA i desse fjerne år? Det er i grunnen ikkje så mykje eg hugsar frå dei enkelte møte - dei ligg jo også eit halvt århundre tilbake i tid. Men eg sit igjen med eit positivt inntrykk. Frå møta i Varde hugsar eg lite, men laget var sterkt nok til å ha ein sikker plass i skulemiljøet. Frå mine første år i Studentavholdslaget hugsar eg to møte - eitt med Johan Hvidsten om Tilrådinga frå Edruelighetskomiteen av 1947, og eitt med Øystein Søraa som snakka entusiastisk om studiearbeid. Hvidsten gjorde inntrykk som personlegdom,

men eg hugsar ingenting av foredraget. Men meir enn konkrete møteprogram hugsar eg enkeltpersonar som gjorde varig inntrykk.

Etterkrigstida var prega av atterreiseing og nyreiseing. Mange av dei som fekk leiarskapen i samfunnsarbeid og organisasjonsliv, hadde personleg erfaring frå motstandsarbeid og fangenskap. Dette galdt også dei som sto i spissen da NSUA skulle rekonstruerast etter krigen, Dagfinn Mannsåker, Hallvard Magerøy, Kåre Grytli, Bjørn Stigum, Inger Sollid og andre. Av generasjonen frå mellomkrigsperioden hadde vi kontakt med advokat Trygve Laake, sokneprest Olav Skarstein og først og fremst Olav Sundet. Med sine store kunnskapar, eineståande eigenskapar som kåsør og foredraghaldar og si sterke ideologiske forankring, gjorde han heile sitt liv ein stor innsats for NSUA og for fråhaldsrørsla i det heile. Frå tid til annan hadde vi kontakt med «den eldre garde», spesielt ved jubileumstilstellingar. Eg hugsar ei samkome som NSUA - eller kanskje det var Studentavholdslaget ? - fekk i stand, på Stratos, med Thor Bjarne Bore som vert. Det var slik at fire framsåande NSUA-folk var 50-års-jubilantar som akademi-karar : Biskop Karl Marthinussen, Tove Mohr (ektefellen Otto Lous Mohr var også med på festen), rådmann Ørnulf Halmrast i Bærum og Bjarne Rognlien (trur eg). Dette må ha vore i 1959.

50-års-jubileet i 1954 var ei fin markering av det NSUA hadde stått for i det akademiske liv. Først var det festmøte i Universitets Aula med tale - av høg kvalitet - av biskop Karl Marthinussen. Så var det festmiddag i restaurant Grotten, elegant leia av forbundsformann Bjørn Stigum. To tidlegare universitetsrektorar, Didrik Arup Seip og Otto Lous Mohr, begge NSUA-medlemer, var til stades. Rektor Frede Castberg representerte Universitetet i Oslo, Lars Ramndal Avholdsfolkets Landsnemnd og Kjell Bondevik Stortingets avholdsgruppe. Johan Scharffenberg heldt tale ved bordseta.

For oss NSUA-folk sto Johan Scharffenberg i ei særstilling. Alt frå før NSUA vart skipa, hadde han uredd og logisk forfekta totalavhaldsideen. Under krigen vart han ein nasjonal høvdig i åndskampen. Eit høgdepunkt i mitt NSUA-liv var landsmøtet i 1953 da Johan Scharffenberg heldt landsmøtetalen.

Landsmøta var i det heile viktige når det galdt utviklinga i NSUA-miljøet og for den kultur organisasjonen sto for.

La meg og nemne det gode miljøet eg opplevde i student-fråhaldslaget Mimer. Det var gode møte og fjelltur til ei hytte ein Bergen-losje hadde på Fløyen. Filologi-studentane Ingvar Bjåstad, Lars Holmås og Lars Vassenden var aktive i dette miljøet. Og Einar Skaar. Eg hadde også kontakt med mitt første NSUA-lag, Varde, i denne perioden. Kva for saker arbeidde eg med som tillitsvald? Viktigaste arbeidsoppgava for studieleiaren i NSUA var å skipe til «kunnskapsprøva i alkoholspørsmålet», ikkje å forveksle med «prøva i samtidsorientering», jfr. nedafor. Kunnskapsprøva var baserte på arbeid i studiesirklar i fråhaldsrørsla og ved skular, spesielt folkehøgskular. Kunnskapsprøva som arbeidsoppgave var etablert før mi tid. Arent Midtbø sto sentralt i arbeidet. Eg trur han laga opp-gavene og var sensor.

I mi tid som studieleiar var eg ein tur til NSUA-laget «Heidsær» ved Eidsvoll landsgymnas. Eg heldt foredrag på lagsmøtet. Det eg huskar best frå turen, er kor triveleg det var heime hos lektor Harald Goksøyr og fru Aslaug.

Ei stor arbeidsoppgave i mi formannstid i NSUA var å gjennomføre «Prøva i samtids-orientering». Denne tevlinga for skuleungdom var visst arrangert for første gang i 1951. Skuleungdom på tusenvis i ymse skuleslag var med på prøva. Ho skapte vel goodwill for organisasjonen, men hadde neppe serleg å seie for medlemstilgang og lagsaktivitet.

Arbeidet «ute i felten» - i våre lag og i skulane var først og fremst riksinstruktøren si sak. Samarbeidet mellom han og styret var sers godt. Elles tok styret seg av vanlege saker som høyrer organisasjonslivet til. Eit serleg nært samarbeid hadde eg med Kristian M. Kristiansen som sto føre det administrative arbeidet. Kristian hadde stor sans for økonomi. Han hadde feriejobb på eit tivoli og såg at her var det pengar å tene også for NSUA. Han fekk til ein avtale med tivolieigar Lund. Kristian og eg gjekk opp til Sigurd Halvorsen som var formann i parkutvalget, og fekk det nødvendige løyvet. Det vart pengar av dette.

Jostein Kallset kom inn som eit aktivt medlem i miljøet på denne tida. Fritz Rognsvaag ivra for alkoholfrie festdrikker, og det vart grunnlagt eit firma , AFAS , til å ta seg av dette. Vi var vel for tidleg ute. Etter ei tid vart firmaet avvikla.

Arbeidet som riksinstruktør stilte meg over andre slag utfordringar enn vervet som formann. Eg er slett ikkje sikker på at eg hadde gode nok kvalifikasjonar for arbeidet. Det aller meste av løna kom frå staten. Det var da også meininga at riksinstruktøren skulle utføra eit omfattande opplysningsarbeid i skular, høvelege institusjonar (f. eks. i Forsvaret) og i organisasjonslivet. Arbeidet for og i eigen organisasjon skulle ikkje vere ein hovudfunksjon. I alle fall oppfatta eg det slik. Når det gjeld arbeidet utafør eigen organisasjon - mest typisk skular - hadde eg av og til inntrykk av å lykkas bra, stundom brukbart og noen gonger mindre vellykka. Virkninga av dette arbeidet, i forhold til det som var målet, er det uråd å seie noe om. Frå arbeidet i eigen organisasjon - i eigne lag - har eg gode minne om enkelte møte - for eksempel eit diskusjonsmøte som laget vårt på Hamar lærarskole skipa til. I andre tilfelle makta eg ikkje å inspirere medlemmene våre. Eg har vel sjøl ei kjensle av at NSUA hadde mindre nytte av mitt arbeid enn ein kunne ha vona. Eg vil nemne at NSUA og Norsk Læraravhaldslag hadde riksinstruktør på deling - med 2/3 delar på NSUA og 1/3 på NLA. Eg arbeidde såleis også for NLA. Den organisasjonen burde avgjort hatt ein pedagog som instruktør. Eg var ikkje kvalifisert i den samanhengen, men det er ei anna historie.

Mot slutten av min aktive periode i NSUA - kanskje i instruktørperioden? - vart eg kjend med nye som etter kvart skulle føre arbeidet vidare : Arne Sørli, Thor Bjarne Bore, Liv Hatland.

Eg trur at medlemskapet i NSUA, miljøet og mitt arbeid der har hatt ikkje lite å seie for mitt samfunnsengasjement og mitt yrkesliv utafør NSUA. Enda meir gjeld dette mitt personlege liv. Livsvarige vennskap vart grunnlagt. Og - indirekte - har NSUA gitt meg det som har hatt aller størst verdi i mitt liv: Ektefellen. Det var Kristian (M. Kristiansen) som masa på meg at eg skulle gå på ungdomsleiar kurs - og representere NSUA - i Ørsta sommarene 1950. Og no har vi feira gullbryllaup, Kari og eg.

Sigurd Birkelund, 1412 Sofiemyr



Arne Sørli kom med i NSUA-laget "Heidsær på Eidsvoll Landsgymnas i 1952 og vart seinare NSUA-formann i 1955-1957.

Minner fra HEIDSÆR

Jeg kom til Eidsvoll Landsgymnas i 1952. Da jeg hadde vært medlem av IOGT der jeg kom fra, ble jeg ganske naturlig snart "fanget opp" av NSUA-laget Heidsær. På den tida jeg kom der, ble laget dyktig ledet av Elin Fjørtoft. Ellers hadde laget god hjelp av lektor Harald Goksøyr og frue. Vi hadde til dels styremøtene hos Goksøyr, også noen lagsmøter, men ellers var møtene på skolen.

Vi var om lag 20 medlemmer, en stor del av medlemmene var også med i det kristelige elevlaget.

Til tross for det moderate medlemstallet greide vi å gjøre oss bemerket i miljøet. I de fire årene jeg var med, ble det laget to amatørteaterforestillinger. Vi fikk også i stand en dansekveld med Egil Monn Iversens orkester. Så fin dansemusikk var sjeldent på de kanter, og det gikk derfor gjetord om den festen i lang tid etterpå. Det beste var at det også var en økonomisk suksess for Heidsær.

Elevlaget forsøkte å kopiere opplegget seinere med et annet orkester, men det gikk visst med underskudd.

Skolen hadde fått innredet to nye rom oppe på loftet som skulle brukes til undervisning, men en stor del av første året sto rommene tomme. Heidsær søkte rektor om å få bruke rommene til en slags fritidsklubb, og dette ble innvilget. I det ene rommet ble det arrangert bridgeturneringer som en av lærerne meldte seg til å administrere. I det andre var det en slags kafe hvor elevene kunne kjøpe mineralvann og sjokolade, sitte å prate, spille andre former for spill. I tillegg solgte vi disse småskriftene om alkoholspørsmålet som Landsrådet for Edruskapsundervisning hadde utgitt. Hele tiltaket ble meget godt mottatt, og rektor roste tiltaket i sin orientering til foreldremøtet på skolen. Leder i Heidsær på den tiden var Eli Rishovd.

Heidsær var aktiv på mange måter. Etter at jeg hadde sluttet på Eidsvoll, hadde Øystein Søråa, redaktøren av Folket, fått utarbeidet en studiering om atomkraften, et tema som

var aktuelt på den tiden. Den første foreningen som hadde studiering om dette emnet var Heidsær, under ledelse av Bent Wettergren-Jensen. Studieringen fikk mye omtale i Folket.

Lektor Goksøyr sluttet som lektor på den tiden jeg begynte på Landsgymnaset, og han ble etter hvert så syk at han ikke kunne bistå laget særlig mye. I stedet overtok lektor Løwe Stokke som kontaktperson for NSUA-laget, og han gjorde mye godt arbeid.

Oppslutningen om avholdsarbeidet på Eidsvoll Landsgymnas var om lag av samme omfang den tiden jeg gikk der. Det store flertall av guttene, og vel også av jentene, var ikke avholdsfolk, selv om de fleste ikke brukte mye alkohol. Avholdstanken var allerede på det tidspunkt i klar tilbakegang i samfunnet, og dette avspeilet seg også i miljøet på skolen.

Den viktigste misjonen som NSUA-laget hadde var nok å forsøke å ta vare på de elevene som kom fra avholdsmiljøer og vise at det fantes et alternativ til alkoholbruk.

Arne Sørli, 1413 Tårnåsen

Studiearbeid og "Hugali" - konferanse



Jostein Kallset var lektor ved Tingvoll Gymnas fra 1959, forbundsleiar 1955-57 og mentor for NSUA-laget der opp gjennom 60-talet.

Jostein Kallset, Tingvoll, er fødd i 1928, og voks opp på ein gard i Torjulvågen. Som 14-åring fekk han poliomyelitt, og i staden for gardsarbeid vart det då først realskole, så gymnas, og deretter studiar i Oslo, før han kom tilbake til Tingvoll, først som lektor og seinare rektor i Fræna og på Tingvoll.

"Det var ein tannlege på Tingvoll som rådde meg til å ta gymnaset på Voss. Eg har vakse opp i ein avholdsfamilie, og det var ein aktiv IOGT-barnelosje og losje i Torjulvågen då eg vaks opp. Men det var på Voss eg vart kjent

med NSUA. NSUA-laget "Hugheil" var aktivt då eg var på Voss 1946-49, og ekteparet Tylden var viktige kontaktpersonar for oss. Lektor Per Tylden studerte til doktorgrad langsmed, og

vart seinare professor i norsk i Trondheim. På møte i "Hugheil" var det ikkje uvanleg at 30-40 personar deltok.

Etter eit halvtårsvikariat på framhaldsskolen på Veidholmen på Smøla og deretter på ein 3-delt folkeskole i Ballangen, bar det til Oslo for å studere. Der kom eg med i NSUA igjen. Det var ein del styr med pengar som var innsamla til ein alkoholfri studentheim, og desse pengane prøvde vi å få plassert i ei eiga avdeling då studentbyen på Sogn skulle byggast, men det vart ikkje noko av. I 1951 vart eg landsstudieleiar i NSUA, og samtidig vart eg med i styret i Studiesamnemnda. Det var ganske mange studieringar og kurs rundt om i laga. Mange av dei dreidde seg om generelle samfunnsspørsmål. Det viktigaste kurset var studiekonferansen vi arrangerte på

"Hugali" i Valdres. I tilknytning til den vart det også etter kvart arrangert landsmøte i NSUA. Dette var økonomisk gunstig, for det gav statlege tilskott til opphald og reise. I perioden 1955-57 vart eg formann i NSUA. Vi hadde ein sekretær, og elles var det fleire dyktige med i styret, som Bjørn Stigum og Sigurd Birkelund. Erling Sørli var ein god støttespelar i Landsrådet for Edruskapsundervisning. Eg hadde og ein del kontakt med Øystein Søråa i "Folket". Det var lite av reising rundt om i landet. Vi hadde ikkje så mange lag i NSUA i mi formannstid. Studentavholdslaget i Oslo var fundamentet. Mesteparten av arbeidet mitt dreidde seg om å samordne aktiviteten, og å legge tilrette for landsmøte og studiekonferanse. Eg meiner å hugse at vi også hadde eit landsmøte på Torshus folkehøgskole i Orkdal, og at ekteparet Ræder frå Orkdal landsgymnas der var sentrale som støttespelarar.

Etter pedagogisk seminar tok eg tysk hovudfag, og så vart eg tilsett som lektor ved Tingvoll gymnas i 1959. Og her var det då utover på 1960-talet eit svært aktivt organisasjonsliv, med kristeleg skolelag, elevmållag og NSUA-lag. M.a. hugsar eg at rektor Bjarne Slappgard frå Folkehøgskolen i Surnadal fleire gonger var her og heldt gode talar."

Intervju med Eivind Hasle 19/2-04

Minne frå NSUA-laget "Von" i Volda

Eg var elev ved lærarskulen i Volda 1947-1951 og kom då med i NSUA-laget. Det var visst heller lite aktivitet i dette laget – slik eg hugsar det. Men då må eg straks nemne at IOGT-losjen "Aasmund Vinje" var i godt gjenge og hadde mange medlemmer. Losjen hadde ofte møte, takka vere Vilhelm Kvalheim – lektor ved Lærarskulen fram til midten av 40-talet.

Mitt medlemskap i NSUA – som lite nok la oppgåver på meg, førde meg likevel til møte med landskjende personar som t.d. Johan Scharffenberg o.fl.. Saman med Harald Flø vart eg vald til utsending for Volda-laget til landsmøtet på Ringsaker. (Eg har ikkje noko notat som kan slå fast årstalet!) Eg har mange minneglimt frå dette Landsmøtet og her kjem namn fram – saman med alt nemnde Johan Scharffenberg – Halvard Magerøy, Dagfinn Mannsåker, Sigurd Birkelund, og sjølvsgatt kameraten min frå Hareid og Volda, Harald Flø. – Ein av møtedagane siglde vi på Mjøsja, kryssa "storevatnet vårt" og var over til Aulestad, Bjørnsons gard.

Det ligg enno i meg for ei sterk oppleving det var å høyre om diktarhovdingen vår, og vere gjest i tunet hans ! Etter skuletida i Volda, har eg ikkje hatt samband med NSUA, men som eit lite poeng kan eg nemne at eg kom til å ha NSUA-nåla på jakkeslaget relativt lenge. (Ein hadde "beste-kleda" lenge på 40- og 50-talet!)

- Med dette mi beste helsing til gamle NSUA-medlemmer, og lukke til med markeringa !

Johan H.Grimstad, Hareid



Thor Bjarne Bore (til venstre) tar over formansvervet i NSUA fra Arne Sørli på landsmøtet i 1959



Thor Bjarne Bore kom med i NSUA-laget "Vilje" på Molde kommunale høgere allmennskole i første halvdel av 1959-talet, og vart forbundsleiar i NSUA i 1959.

Mye å takke for

NSUA var medvirkende til at journalistikken ble min løpebane - og i NSUA traff Marie og jeg hverandre. Jeg har med andre ord mye å takke alkoholen for.

I korte trekk: Jeg er flasket opp - unnskyld uttrykket - i avholdsbevegelsen. Det begynte med barnelaget Blomen i DNT og fortsatte med ungdomsgruppen Fakkelen samme sted. På Molde kommunale høgere allmennskole kom jeg i kontakt med NSUA og ble vel en slags kontaktperson - dessuten virket Prøva i Samtidsorientering inspirerende og kontaktskapende.

Høsten 1956 begynte jeg å studere i Oslo, og husker jeg ikke helt feil, ble jeg varamann til landsstyret i NSUA i 1957. Året etter avanserte jeg til forbundsstudieleder, der vi hadde 36 studieringer - slett ikke verst når medlemstallet lå rundt 700. I 1959 ble jeg forbundsleder med Liv Hatland, Noralv Teigen, Hans Kragset og Marit Duna i styret. Medlemstallet skvatt opp til vel 900, men det var åpenbart at uten en aktiv riksinstruktør var det vanskelig å holde kontinuiteten rundt omkring.

I 1960 kom Hatland-ekspressen fra Bergen i susende fart. Vi hadde forlenget merket oss Liv som en coming woman, og det var med store glede jeg overga lederklubba til henne. Der lå energien tykt utenpå.

Selv følte jeg vel at jeg burde tenke litt på å ta noen eksamener, og samtidig var det slik at Prøva i Samtidsorientering tok store deler av vårsemestrene frem til 1962, og jeg satt vel like lenge i landsstyret.

NSUA startet Prøva i Samtidsorientering i 1948, og da den fylte et tosfret antall år, begynte den virkelig å ta av. 25 000 var med i 1958, og så steg det bratt: 33 000 , 44 000, 62 000 og 77 000 i 1962 - det siste året jeg tror jeg hadde noe med den å gjøre. Jeg laget spørsmål og rettet i stor stil, garasjen til hybelverten på Smestad var til tider nesten nedsnødd av svarark. Betalingen pr. rettet ark var vel rundt

10 øre , det tok tid men var samtidig både spennende og inntektsgivende.

I utvalget for Prøva husket jeg særlig Hallvard Magerøy og Dagfinn Mannsåker, solide og tillitskapende navn i det norske samfunnet. Vi samarbeidet med Arbeiderbladet (nå Dagsavisen) og der gjorde Reidar Hirsti og Anton Blom en utmerket innsats.

Etter prøva i 1959 ble det atskillig offentlig oppmerksomhet. Jeg ble intervjuet i Arbeiderbladet og slo til med spissformuleringer om skoleelever som visste mer om Magna Charta enn om prisindekser og "den røde strek", og jeg konstaterte med bred penn - grunnlagsmaterialet var forøvrig ganske solid - at elever fra Bryne til Steinkjer var bedre orientert i samtiden enn f.eks.Oslo-elevene. Artikkelen ble gjengitt i mange aviser, skolefolk og andre hev seg på debatten. Mange aviser skrev lederartikler, Johs. Andenæs syntes at kjennskap til Magna Charta tross alt var viktigere enn den røde strek, mens stortingsrepresentant Ragnar Christiansen (Ap, Buskerud) stilte grunnlagt spørsmål til statsråden og fastslo at "det må gjøres noe alvorlig for å gi ungdommen en bedre innføring i vår egen tid og dens problemer". Unge Høyres landsstyre fulgte opp, "samfunnslæren i norsk skole må bli bedre". Jo da, NSUA ble profilert, og neste år økte deltakertallet med 18 000. Disse 4-5 "prøve"-årene tok mye tid og genererte ikke spesielt gode universitetseksamener, men du verden så kjekt det var, jeg sier med Edith Piaf: jeg angrer ingen ting.

Kirke- og undervisningsdepartementet var meget positiv til prøva, statsråden - Helge Sivertsen - stilte villig opp med fine pokaler, og vinnerne fikk alltid med Oslo-tur med bred sightseeing og gjerne en avslutning på toppen av Regjeringsbygningen. Jeg mener at selveste statsminister Gerhardsen et år tok godt imot oss.

Noen av de glupe vinnerne har jeg møtt igjen siden. Svein Longva fra Volda er blitt sjef i Statistisk Sentralbyrå, Håvard Narum fra realskolen på Nordre Land ble politisk journalist i NRK og Aftenposten, og Knut Knutsen er prost på Voss. Vi arrangerte også Kunnskapsprøva i alkoholspørsmålet, men der var deltakelsen betydelig mer beskjeden.

Mens jeg var formann hadde jeg gleden av å tale ved en lunsj der vi inviterte gamle NSUAitter som feiret 50 års studentjubileum. Det var en flott opplevelse å møte Tove (Møller) Mohr, Karl Marthinussen (biskop) , Ørnulf Halmrast og Bjarne Rognlien på Stratos, på toppen av Folketeaterbygningen - det var alltid der de største tingene skjedde.

Gjennom NSUA kom jeg for alvor inn i journalistikken. Stikkordet er "Kamp og kunnskap", forbundets teig i Folket. Den hadde jeg ansvar for noen år, og arbeidet ga definitivt mersmak. Jeg fikk kontakt med Øystein Søråa, et av de mest dynamiske og prinsipielttenkende avismennesker jeg har møtt, og det ble etter hvert mange timer nede i Bernt Ankers gate 5. Min første heltidsjobb som journalist fikk jeg som sommervikar i Folket i 1959, og dermed var jeg fortapt.

Journalistikken ble min nest største kjærlighet, men også den største møtte jeg i NSUA. Stedet var Volbu i Valdres, tiden påsken 1961 og anledningen sosial studiekurs og årsmøte. Denne meget vellykkede kombinasjonen hadde vi begynt med et par år tidligere, og det var utrolig sosialt sammensveisende, kanskje lærte vi litt på forelesningene også. Kanskje.

Men det som betydde noe i 1961 var at der møtte jeg formannen i "Sverre", laget vårt på Orkdal off. landsgymnas, Marie Rein. Søt musikk osv, men avstanden Oslo-Orkdal ble stor, og etter et par-tre måneder mistet vi kontakten. Men vi fant den igjen - to år senere. Da hadde Marie begynt å studere, vi var begge blant dem som dro til Helsingfors på nordisk studentavholdsmøte.

Bak statuen av feltmarskalk og president Mannerheim innledet vi 2.runde - og senere ble det ikke aktuelt med timeout eller ekstraomganger.

Som skrevet - hvordan hadde vel livet mitt blitt uten NSUA? Som det står i en annen og større bevegelses sangbok: Takk, takk, for at også vi fikk være med.

Thor Bjarne Bore, Stavanger



Viggo Jørgensen vart styreleiar i NSUA-laget "Sophus" på Lillestrøm i 1961, og vart nokre år seinare riksinstruktør i organisasjonen og forbundsleiar i 1966

Tiden i Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund.

“Sophus” (på Lillestrøm) ble stiftet i 1960, og jeg ble valgt til styreleder i 1961. Det var enkelte mistroiske stemmer som mente at man ikke kunne drive aktivt avholdsarbeid på gymnas i “Stor-Oslo”, men vi drev optimistisk og engasjert, og gjorde stikk imot deres spådommer. Vanligvis hadde vi mellom 70 –150 medlemmer på møtene, og antall medlemmer med betalt kontingent var på det meste ca. 220 – 230.

På møtene tok vi opp både politikk, idrett, lokalpolitikk, læreplan og andre aktuelle ting. Vi hadde møter hver 14.dag. Ofte startet vi med en film som varte 15 - 20 minutter. Vanligvis startet den nøyaktig på det annonserte tidspunktet, for eksempel klokken 19.00 eller 19.15. Det førte til at vi hadde en mengde medlemmer som kom 5 minutter før start, for filmen ville de se. Så gikk det slag i slag med programposter, først foredrag, og vi avsluttet med dans i ca. 45 minutter. Elevene deltok aktivt i debatten etter foredraget. Jeg husker bl.a. den russiske ambassadøren til Norge deltok sammen med 3 andre medarbeidere. Vi hadde mellom 150 og 200 deltakere, og det var en livlig debatt hvor politikk var hovedemnet.

Jeg husker en mor som kom og takket meg for den betydelige innsats vi gjorde i avholdslaget, og hun var så stolt over sin 15-årige sønn som var blitt aktivt medlem hos oss. Det er også på sin plass å nevne en del medlemmer i Lillestrøm og Oslo som jeg står i kontakt med enda. Vi var også aktive utdelere av Folket. Vi fikk tilsendt 75 stk med jevne mellomrom, og det ble delt ut til medlemmer og noen ikke-medlemmer i det store frikvarteret.

Mens jeg gikk på gymnaset ble jeg valgt til varamann i landsstyret i Oslo. Liv Hatland var formann, og jeg fikk fort kunnskap om foreningsarbeid på landsplan og i de øvrige nordiske land. Jeg deltok på flere nordiske møter. Første gang var i Karlstad i 1963. Flere landsmøter ble holdt i Sverige,

og det var alltid inspirerende å være norsk gjest i et forbund som var mye større enn NSUA.

Etter gymnaset fikk jeg tilbud om å bli riksinstruktør, noe jeg takket ja til. Det var å reise rundt i landet og besøke eksisterende lag. Programmet var bl.a. å fortelle om virksomhet andre steder eller fortelle om nyheter eller andre begivenheter. Noen ganger hadde enkelte lag weekendkurs i edruskaps-spørsmål lørdag og søndag, og det ble en del forelesninger på meg. Også andre holdt foredrag.

Arbeidet var også å vekke gamle lag til nytt liv eller å forsøke å stifte lag der det før ikke hadde vært noe virksomhet. Grunnlaget med foreningsarbeid hadde jeg fra Lillestrøm, samtidig som det var nye ting å hente i de andre lagene. Jeg trivdes så godt med arbeidet at jeg fortsatte i 2 år til. For å finansiere mye av utgiftene besøkte jeg mange gymnas fra Kristiansand i sør til Trondheim i nord. Det var en fin anledning til å besøke skoler som ikke hadde avholdslag.

Arbeidet i NSUAs landsstyre fortsatte i disse årene, og jeg ble valgt til leder eller formann et par år etter riksinstruktørjobben. Det var mange andre styremedlemmer som sammen dannet et slagkraftig styre. Det var styremøter hver andre måned som sammen med landsmøtene trakk opp retningslinjene for arbeidet. Mine etterfølgere som riksinstruktører var aktive, engasjerte og iderike. På styremøtene var det forbundets prinsipprogram, økonomien, edruskapskurs, konferanser som Statens Ungdomskonferanse og Landsrådet for Edruskapsundervisning, riksinstruktør og andre viktige saker som ble diskutert. Jeg ble fanget av edruskapstanken og de ideer vi kunne realisere gjennom totalt avhold, og jeg er fortsatt avholdsmann. Det jeg lærte gjennom unge år i NSUA har gitt meg mange gleder i det videre liv.

Viggo Jørgensen, Oslo

Inntrykk frå tida i NSUA

Eg kom med i NSUA i 1961 medan eg gjekk på Gudbrandsdal gymnas på Vinstra. Etter at riksinstruktøren, som må ha vore Ingvar Mjanger, hadde vore på skolen, tok eg initiativ til å få etablert eit lag der, og dette vart gjort.

Laget heitte Gu’brand og levde nokre år på -60-talet. Eg var den første formannen der. Eg gikk ut frå skolen våren 1963.

Da eg kom til Oslo, først i militærteneste, seinare som student, hadde eg heile tida kontakt med NSUA-miljøet, spesielt Rolf Tryggestad, Viggo Jørgensen, Stein Berg, Ragnvald F. Bertheussen og Ingvar Mjanger. Saman med Leif Vinsrygg og Ragnhild Sælhun, som båe var riksinstruktører på den tida, var vi alle saman aktive i Studentavholdslaget (SA) og i hovudorganisasjonen i ymse verv og roller gjennom mange år.

Eg var leiar i SA i ein periode, men hugser ikkje kor lenge. Dessutan var eg og leiar i NSUA, truleg fram til februar 1968. Eg må vedgå at eg ikkje hugser nøyaktig, og heller ikkje når eg vart vald. Kan det ha vore i 1966?

Det var noen aktivitetar som var svært viktige på den tida. Noen kravde mye arbeid, slik som «Kunnskapsprøva» som gikk blant alle gymnasiastane i landet. Eg hugser eit par premie-utdelingar på restaurant Stratos, m.a. ei der statsråd Kjell Bondevik delte ut prisen til vinnaren.

Så var det påskekurser på Hugali i Vang i Valdres, som eg var med på frå 1962 til 1968. Fantastiske kurs både miljømessig og fagleg.

Eg hugser Harald Munthe Kaas var der og snakka om internasjonalt arbeid. Men mest av alt gløymmer eg aldri Kåre Holt sine kåseri om trilogien «Kongen». Han vart eit fast inventar på kursa i fleire år,og var svært populær som den framifrå kåsøren han var, og med sitt logne og akseptierende vesen vart han svært samlande. Olav Sundet med ektefelle likeså, var framifrå personar som var med og stod både for faglege og underholdande innslag.

På påskekurser var det også gjester frå NSUA sine systerorganisasjonar i Sverige og Finland, hhv. SSUH og SARL. Det var også årlege studentdagar som gikk på omgang for desse organisasjonane. Såleis var eg med på samlingar både i Sverige og Finland. Sjølve hadde vi i mi tid iallfall to tilstelningar. Eg hugsar best den fotturen vi hadde sommaren 1967, da vi fekk Den Norske Turistforening til å legge opp ein fottur på ei veke for oss i Jotunheimen.

Det var ein flott tur på mange måtar, men litt tidleg på året, med opne elvar, og elles litt krevjande trur eg, for noen av deltakarane. Vi skulle opp til hytta på Fanaråken og måtte gå opp ei skrå fjellside. Dei fleste opplevde ikkje det spesielt dramatisk, men to svenske jenter forlangte at det skulle koma helikopter å hente dei derifrå. Det endte bra ved at Viggo Jørgensen og ein til bar ein ekstra sekk i tillegg til sin eigen, og at dei vart støtta ved at andre turdeltakarar gikk nedanfor dei. - Ein lang dagsetappe gjennom Uradalen trur eg også dei fleste hugsar godt.

Eg har nemnt noen kameratar,som var sentrale for meg i både i studietida i Oslo, i arbeidet i NSUA og som har vore varige venskap etterpå. Det var fleire, men av frykt for å gløyme noen, får det vera med desse.

Men Liv Hatland såg vi alle opp til. Ho var komen lengre i organisasjonslivet enn vi var på den tida. Ho hadde og kontakt med Johan Scharffenberg, den siste tida han levde. Eg hugser foresten eit kort kåseri av Scharffenberg på eit møte vi hadde. Eg trur han snakka om mellom anna sine tankar om det han kalla den «rasjonelle nytingslæra».

Vi reiste ein del rundt til gymnas og heldt faglege innlegg om edruskap og alkohol-spørsmålet. Vi prøvde å starte lag ved skolar der det var gode kontaktpersonar. Vi var ganske oppdaterte. For meg vart det naturleg å følge opp dette,når eg skulle lage hovudoppgåve til embetseksamen i psykologi. Eg valde meg eit tema innan området.

Elles vil eg seia at vi hadde kontakt med mange spennande miljø, og det var sterke lagsmiljø mange stader, slik som på Sandane, Øystese og Voss, i Orkdal, på Lillestrøm, i Molde, på Tingvoll og i Levanger, Bergen og Trondheim, for å nemne noen. Eg hugser mange flinke og spennande personar frå desse stadene og andre stader. Ikkje minst var eit begynnande samarbeid med NGU spennande, og møte med personar som Arent Midtbø, Tore og Øystein Søraa og kontorsjef Erling Sørli var lærerikt.

Eg trur NSUA dreiv eit godt arbeid på denne tida,og vi såg attende på kva organisasjonen hadde betydd frå 1904 og framover.

Det er heilt klart at medlemskapet har betydd mye for fleire av oss, sjølv om alt har si tid og organisasjonen etter kvart vart ein annan. Men medlemskapet var strekt identitets- og holdningskapande, slik eg har opplevd det.

Gunnar Sørbotten, 2647 Sør-Fron

NSUA - glad ungdomstid

Ja, det er assosiasjonane eg får når eg tenkjer tilbake på tida mi i NSUA.

NSUA-laget "Sverre" på Orkdal landsgymnas vart mitt møte med organisasjonen. Og eg har mange gonger tenkt på kor heldig eg var som kom til ein skole med eit NSUA-lag, der eg fekk vere med i eit rusfritt ungdomsmiljø. Det var engasjement og idealisme. Vi hadde månadlege møte, og vi hadde studieringar. Vi vart etter kvart godt skolert i rusgiftspørsmål og i organisasjonskunnskap. Eg syntest, da som no, at det var så viktig at det var rart ikkje enda fleire valde å bli med i arbeidet mot rusgift. Ekstra stas var det når reiseinstruktør Viggo Jørgensen kom på besøk. Det var ein pust frå den store verda, frå hovudorganisasjon og hovudstad.

Fellesskap og vennskap er to stikkord når tankane går over 40 år tilbake. Vi møttest i "Sverre" og hadde ein fellesskap som eg har hatt med meg seinare. Eg merkar det dei gongane eg har møtt ein "Sverre"-medlem tilfeldig på livsvegen: Vi har noko felles som er der, ein vennskap som gir kontakt og gjer det så lett å prate saman, vi kjenner kvarandre.

Og når eg tenkjer på NSUA-laget "Sverre" er det ein person som stig fram og blenkjer: Lektor Sigmund Gjelsvik. Han heldt laget i gang, frå årskull til årskull, og han var der heile tida, til oppmuntring og støtte.

Så gjekk ferda sørover, til hovudstaden og studiar, og det var heilt sjølvsagt å bli med i Studentavholdslaget. Eg møtte nye venner og ein tett fellesskap, og eg kan ikkje hugse at eg opplevde noko særleg drikkepress i studietida. Eg hadde mine SA-venner, og vi hadde det utruleg artig saman.

Kva eg hugsar? Jau, påskeleir på Hugali! Der fekk vi møte kjende samfunnspersonar og kulturpersonar. Møtet med

forfattere Kåre Holt var sterkt! Og bøkene om kong Sverre, mannen frå utskjeret, vart lese i ekspressfart og med stor interesse. Det var sol og skiturar, kveldsprogram og svært korte netter -! Sterke vennsapsband vart knytta. Vi kjem stadig tilbake til påskeiren på Hugali når vi møttest, Nils Stavenes og eg. Våre vegar har møttest att: Vi bur begge i Gol, og Nils er medlem i styret for Hallingdal Folkehøgskule, der eg er rektor, så han er min arbeidsgjevar no.

Eg var og med i styret i NSUA ein periode. Gunnar Sørbotten var leiar og Ragnhild Sæthun Fjørtoft reisesekretær. Det var mange dyktige personar, både i styret "mitt" og i NSUA elles, og eg lærte utruleg mykje, og ikkje minst ansvarleg samarbeid. Det hender eg ser gode vener frå den gongen, som no har viktige samfunnsposisjonar, bli intervjuar eller skrive artiklar/ kronikkar i riksmidia, og det kallar kvar gong fram gode og varme minne. Og møter eg nokon ein sjeldan gong, opplever eg kontakt og vennskap.

Eg er overtydd om at NSUA og det sosiale miljøet eg var ein del av, både i gymnastida og seinare som student, var avgjerande for mitt solide feste som fråhaldskvinne. Grunnlaget var lagt gjennom barneløse og losje på heim-plassen min, Løkken Verk, men det å vere saman med, og ha eit heilt sosialt miljø av venner på min eigen alder, gav det trygge feste for framtidig liv som fråhaldskvinne.

Eg var med som medlem over i FMR, og stod skrive som medlem i mange år, før eg gjekk tilbake til IOGT som hovudbase for mi fråhaldstilknytning. Men eg vil takke dei som stod i brodden for FMR for godt og aktivt utadretta arbeid og mange interessante, lærerike og spennande artiklar i medlemsblad / temahefte. Like fullt:

Det er NSUA som er min organisasjon! Det var der eg hadde mi aktive organisasjonstid.

Samfunnsengasjementet sit i ryggmargen, og eg har vore kommunestyrerepresentant 17 år. Dei siste 13 i Gol kommune. Det har vore mange alkoholpolitiske nedturar gjennom desse åra, og det har gitt meg nokre refleksjonsstunder. Kva er det som gjer at det er heilt uråd å trengje igjennom med fornuftig og vitkapsbasert argumentasjon?



Mildrid Lomundal Nesheim var med i NSUA-laget "Sverre" på Orkdal landsgymnas på byrjinga av 1960-talet, og sat i forbundsstyret i perioden 1967-1969. Her ser vi henne midt i biletet i første rad, på eit kurs som "Sverre" arrangerte på Haukeli. Som nummer 3 frå venstre i bakerste rad ser vi Eivind Hasle, hovudredadaktøren av denne boka. Heilt til høgre: Viggo Jørgensen (riksinstruktør).

Ein ”opptur”, om eg skal kalle det det, har det likevel vore: For 6 år sidan fekk vi alkoholpolitiske retningslinjer i Gol, som kommunestyret samrøystes vedtok, og etter det har det vore samrøystes avslag på utvida skjenkeløyve og skjenketid utover desse retningslinjene. Eg har følt det som ei våpenkvile. Og i vår, med nytt kommunestyret, sprakk det: Skjenketida vart utvida med ein halv time, til halv tre. Hovudargumentasjonen var at Geilo hadde gjort det, og da måtte Gol følgje etter, viss ikkje mista vi turistar og konferansar. Eg trur ikkje på det!

Ja, ja – slik er det, og eg veit det sit mange kommunestyre-representantar rundt omkring som har dei same erfaringane.

Så får vi tru at det at vi er der, er ei stadig påminning om at vi er nokre som vil redusere, heller enn å auke, tilgjengelegheit og med det dei skadeverknadene rusgifter fører med seg.

Og kanskje, kanskje vi etterkvart får fleire med oss?

GRATULERER MED 100-ÅRS JUBILEET!

Mildrid Lomundal Nesheim, 3550 Gol

I Stella og Studentavholdslaget

NSUA-laget Stella var eit godt innkøyrte lag alt før eg byrja på Firda offentlege landsgymnas hausten 1961. Det sang på siste verset med at ein hadde nokon klasse som følgde den gamle landsgymnasordninga. Dei fleste av oss hadde full realskuleek-samen og følgde same opplegget som i byane.

Men framleis var det berre eit lite mindretal av ungdomen i mitt heimefylke som kom inn på gymnaset. Inntaket skjeddessa utan på grunnlag av karakterar aleine. Det førte med seg at det var eit vesentleg innslag av elevar frå andre fylke enn Sogn og Fjordane, helst frå Sunnmøre, men også i ei viss mon frå Hordaland og Nord-Norge.

Elevmassen var altså grundig sorterte i utgangspunktet. Dei aller fleste budde heimafrå på hybel, og var neppe heimom meir enn 2-4 gonger i året om vi ser bort frå sommarferiane. Så mykje evnerik og framtøken ungdom, med eit samsosialt behov utover den reine pensumaktiviteten, la vel ein

del gunstige utgangsføresetnader for den særslidige og omfattande lagsaktiviteten ved skulen.

Det som kanskje var det oppsiktsvekkande var at NSUA-laget Stella var det mest vitale av dei alle. Det dekte jamvel vesentlege funksjonar som normalt ville ligge under gymnas-samfunnet. Det eigentlege gymnassamfunnet kom faktisk i skuggen av ”Stella”. På skulen var det ca. 450 elevar inkludert statsrealskuleklassane. Ca. ein tredjedel av desse var medlemer. Kanskje noko ukonstituonelt trekte dåverande



Her ser vi forbundsleiar Liv Hatland til venstre overrekke NSUAs hedersklubbe til Liv Gladehaug frå NSUA-laget ”Stella”, Sandane i 1960.

formann Edvin Bolstad meg inn i styret same hausten som eg byrja ved skulen. Seinare følgde verv som vald formann og dinst studieleiar.

Vi hadde også ein diskret , men verdfull støtte av lærarane ved skulen, sjølv frå dei som ikkje sjøve var avhaldsfolk. Inspektør, seinare rektor Olav Håland, må framhevast også ut frå siitt sanne avholdspolitiske engasjement.

At alle våre arrangement var fullstendig alkoholfrie vart sjølvsaagt akseptert av alle. Vi hadde sjølvsaagt føre oss reine alkoholpolitiske tema, men også tema utan nokon openberr tilknytning i den lei. Men litt kunne vi snike inn. Kvitt eller dobbelt- spørjetevling var populært i fjernsynet på den tid og Stella hadde sin variant. Vi lovde dobbelt premiar til dei som tok eit tema om alkohol. Kandidaten var slett ikkje avhalds-

mann sjølv. Då han vart beden å skildre det typiske forløp ved aukande promille var hans kommentar på eit visst nivå: ”Då vert eg så steike glad i kvinnfolk”. Han fekk full pott i premiekassa! Dette var effektiv opplysning og god underholdning. Meir strid vekte det då vi marknadførte det alkoholfrie alternativet i si fulle breidde. Det var nok dei som meinte at alkoholfri vin sette folk på smaken av den alkoholdige.

Stella var heilt dominerande når det galdt studieringsaktiviteten. Det året eg var studieleiar hadde vi over 30 studieringar, med ein stad mellom 150 – 200 deltakarar. Mest populært var ”Dagliglivets psykologi”, ”Teori for førarprøva” og ”Fattige, rike verden”. Dette vekte oppsikt ved Norsk korrespondanseskule. Vi fekk tilsendt heile verket ”Vestens tenkere” som anerkjenning. Verket vart så på årsavslutningsfesten for skulen gjeve til skulen siitt bibliotek.

Vi heldt ein viss kontakt med tilsvarande lag i Volda. Men for utvikling av ”kadrane” i laget var vel dei årlege ”sosiale studiekursa” i påska på Hugali pensjonat i Valdres av størst betydning.

Også NSUA-laget ”Sophus” i Skedsmo var særskilt aktivt på den tid og vi og medlemer der kom særskilt godt overeins. Deira ablegøyer mjuke det heile opp.

Landsformannen Liv Hatland var ein god person for forbundet både andsynes oss og den måten ho brukte sentrale kontaktar på. Då den svenske søsterorganisasjonen hadde siitt landsmøte midtsumars 1963 sende ho meg for å representere NSUA. Fleire av svenskane der kjende eg frå Hugali-kursa. I denne tida vart eg også kjend med Stein Berg og andre som seinare skulle få så mykje å seie i nasjonalt edruskapsarbeid.

Då eg kom til Oslo for å studere hausten 1965, kom eg midt inn i ein strid eg enno ikkje heilt har fått tak på realinnhaldet i. Men det gjekk vel på at nokon ønskte meir aksjonistiske eventuelle radikale arbeidsmetodar. Eg vart vel sett på som representant for dei meir etablerte kadrane lag med kjerne-troppene frå ”Sophus” og var deira kandidat. Motkandidaten var trøndaren Mildrid Lomundal . Eg vart valt, men Mildrid kom også inn i styret. Tilhøvet oss imellom vart det beste. Eg er ikkje eingong sikker på om nokon av oss heilt skjønnte kva gruppene bak oss hadde sloss om.

Min aktive periode i Studentavhaldslaget vart ikkje så lang. Etter kvart gjekk min energi meir i retning av andre student og bygdelagspolitiske aktivitetar. Men eg hugsar særskilt eit lagsmøte med psykiater Nils Retterstøl. Han gjorde eit interessant og møtekomande inntrykk. Nemnast kan også uferda til institusjonen for narkomane på Hov i Land.

Eg møtte som formann også i fellesorgana for avholdsrørsla i Oslo. Forskinga i dåverande Institutt for alkoholforskning vekte reaksjon. Noko av forskninga kunne sikkert trenge ei avbalansering, men grunnleggande fann eg det rett å forsvare forskninga sin fridom i dette forumet. Vi måtte tole også det som utfordra dei overtydingane vi alt hadde. Eg følte faktisk at eg vart lytta til, trass i min unge alder, i dette heller seniorprega forumet.

På Firda hadde eg vunne landskonkurransen i ”Prøva i Samtidsorientering”. I Oslo vart eg Thor Bjarne Bore sin etterfølgjar med å administrere denne landskonkurransen. Denne prøva var eit samarbeid mellom NSUA og Arbeidarbladet. Mitt arbeid med dette varte i tre år. Det var eit eige verv og følgde ikkje av min aktivitet i Studentavhaldslaget.

Vi prøvde å vere aktive med å verve medlemer. Men då ein Asbjørn Kloster skreiv seg på lista, trudde vi nokon dreiv gjøn med oss. Fleire år etterpå las eg i ei avis at det faktisk også fantest ein Asbjørn Kloster blant våre samtidige og at han ikkje hadde sloppet inn i Studentavhaldslaget. Kanskje eg ein dag treffer han slik at eg kan be om orsaking.

For meg var NSUA inntaket til den ganske omfattande organisasjonsaktiviteten som eg etterkvart involverte meg i på ulike samfunnsområde. Det befesta nok både mi individuelle og sosiale grunngeving for fråhaldsstandpunktet. Eg lærte å kjenne folk frå andre stader og andre miljø enn dei eg sjølv var runnen av. Men det var også eit inntak til meir generelt å forstå det samfunnet eg seinare skulle verke i. Eg er overtydd om at det la eit verdfullt grunnlag for det som skulle bli mitt innhald i både yrkes- og privatliv.

Svein Lundevall, 6788 Olden

Mitt bidrag til NSUA-historia

Bakgrunn

Gjennom trygg oppvekst i Stryn, der eg var med i barnelosje-arbeid og i speidararbeid, drog eg i 1962 til Sandane. Firda Gymnas var samlingsstad for lærevillig ungdom. Hit søkte dei seg frå Sogn og Fjordane, frå Møre og Romsdal, og på dette gymnaset var det innslag også frå andre deler av landet. Eg hugsar godt då styremedlemmer frå dei ulike elevlaga ved skulen kom rundt i klassane og fortalde om laga og inviterte oss til å bli med. Fråhaldslaget ”Stella” var på den tid eitt av dei største laga, og for meg vart det eit naturleg val å bli medlem. ”Stella” stod for mykje godt og lærerikt program. Studieringar med fordjuping i ulike emne, frå praktiske til teoretiske ting var særleg populært. Eg hugsar eg var med i ei gruppe som gjekk inn på rus-problema. Og som musikk-interessert var kurset ”Lær å lytte til musikk” både triveleg og lærerikt. ”Stella” arrangerte store festar med godt program, og vi reiste til Karistova der det vart halde kurs i alkoholspørsmålet. Det vart framhalde kor viktig sakleg kunnskap var, dersom vi skulle vinne fram i diskusjonane med alkoholbrukarane. Eg vonar namnet på eine førelesaren er rett, Steinar Opstad, når eg nemner han som ein drivande god lærar i så måte. Eg hugsar også at vi ofte fekk vitjing av ein lærar ved folkehøgskulen, Oddvin Lotsberg. Han var ein person med stor grad av humor og humør, og synte at det å vere fråhaldsmann slett ikkje var å vere ”hengjehaud”. Flotte, humoristiske kåseri opplevde vi både som artige og som oppbyggjande. Tida i ”Stella” var ei god tid. Det var gjennom laget at eg kom til NSUA sitt påsekurs på Hugali i Valdres. Kva årstal eg var der første gongen, hugsar eg ikkje, men eg hugsar det flotte miljøet som vart skapt av ”likesinna”. Gjennom skigåing i Tyin-området om dagen og kurs med gode foredrag om kvelden, gjorde noko med oss som var der. Ein av deltakarane gjekk ein heil dag på ski i strålande sol med eit breitt smil om munnen. Smilet var så til dei grader breitt at då han om kvelden kunne slappe av, synte det kvite strekar der smile-rynkene hadde hindra sola å brune kinnet hans. Der var det drivkvitt! Eg hugsar også utsendingar frå Sverige sin søsterorganisasjon som gjorde sitt til å skape eit fantastisk triveleg samhald. To av forelesarane eg vil nemne er overlege ved ein Blå Kors-klinikk, Oscar Olsen, og forfattaren Kåre Holt. Det dei gav oss kunnskap og oppleving som sit i tanken enno.

Ferda vidare gjekk for min del til Volda Lærarskule. Då eg var ferdig der, i 1967, fekk eg spørsmål frå NSUA om eg kunne tenkje meg å bli riksinstruktør. Eg var klar over kva dette ville innebere, og eg tykte det var både spennande, litt nifst, og ei stor utfordring. ”Sakleg kunnskap” skulle formidlast til ungdomar nokre få år yngre enn eg, og det var gymnas i Sør-Noreg eg skulle vitje. Stein Berg var forgjengaren min, og han fekk mykje å seie for opp-læringa mi. Eg vart send til ”kursing” saman med andre instruktørar i andre fråhalds-organisasjonar, og då det var avslutta, fekk eg min ”eld-dåp” på eit gymnas i Stavanger. Sjeldan har eg følt meg mindre enn då eg tok inn på eit stort hotell i olje-byen og skulle neste dag debutere som riksinstruktør, utsend frå Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund. Berre tittelen på organisasjonen kravde at ein var edru når tittelen skulle seiast fram! Først vart ein lysbildeserie synt for klassen, saman med lydband som fortalde kva personane på bileta gjorde og tenkte. Serien hadde tittel ”Halda maskan”. Det var svensk tale på lydbandet. Likevel trur eg ungdomane som høyrde, skjøna kva som var bodskapen. Han gjekk ut på kva alkohol og narkotika gjer med den som kjenner seg bunden og ufri på dans, og som så gjerne vil by opp jenta til dans. Han har hemningar som han grip til flaska for å få bort. Oppmodinga til dei lyttande ungdomane var klar: Hald deg edru, overvinn hemningane dine og vit kva du gjer, medan du veit kvar grensene dine går. Etter bileta og den svenske forteljinga, var eg open for dialog omkring det som hadde vore temaet. Eg lærte at det på den tid var mykje ukunne og mange rare oppfatningar av alkohol-en sin verknad på kropp og sjel.Om eg klarte å ”omvende” nokon, veit eg ikkje. Men eg heldt meg til kva vitskapen var komne til på det tidspunktet. Og tidspunktet var altså skuleåret 1967-68. Påska 1968 var eg igjen tilbake til Hugali. Og dette året hadde eg litt meir ansvar for gjennomføringa, etter som eg var riksinstruktør.

Kunnskapsprøven

NSUA stod i ei årrekkje for gjennomføring av ei kunnskaps-tevling omkring alkohol-spørsmålet og andre samfunns-spørsmål. Eg meiner at både ungdomsskule- og gymnaselevar var med på denne tevlinga, over heile landet. I periodar då eg ikkje var ”reisande”, tok eg meg av ein del praktiske ting omkring denne tevlinga. I tillegg til dette, skulle eg ha litt av ansvaret for korrespondanse til NSUA-laga rundt i landet. Riksinstruktøren hadde også ein god del oppfølging av laga

i det området han reiste i. På den måten kunne han ”slå to fluer” når han likevel var på eit gymnas. Då var det ofte kveldsmøte eller helgesamlingar i laget på staden.

Ski-instruktøren

På Voss, skibygdta på Vestlandet, opplevde eg noko artig. Eg hadde teke inn på eit av hotella i sentrum. I hotellboka i resepsjonen skreiv eg namnet mitt og under tittel: riksinstruktør. Om kvelden var det avtalt at ein gjeng med ungdomar frå NSUA-laget skulle kome og ta kontakt. Dei gjekk til skranken i resepsjonen og spurde etter kvar eg budde. Stor var undringa deira då dei høyrde spørsmålet som vart ropt til ein medarbeidar:

”Kva for eit rom er det han ski-instruktøren bur på?” Dei var vane med at det var ski og slalåm det vart instruert i der i bygda.

Uteliggjaren

Ein annan gong var eg på Levanger. Eg budde på eit pensjonat ikkje så langt frå sentrum. Opphaldet mitt varde i fleire dagar. Eg hadde undervisning på gymnaset, i alle høve i to dagar, og så skulle eg vere med ”laget” inn på ei hytte på eit week-end-kurs. For å kome dit, måtte vi bruke ski. Eg hadde difor med meg utstyr til dette, så bagasjen min var rimeleg stor. Koffert, ryggsekk, ski og diverse utstyr for å gjennomføre kurset, fann eg på gangen utafor rommet mitt, då eg kom tilbake til pensjonatet etter eit styremøte hos ei jente i styret. Eg var med andre ord kasta på gangen! Det er lett å skjøne frustrasjon, litt sinne, og litt fortviling som breier seg der og då. Ingen å ta kontakt med, alle søv, pensjonatet er fullt, kva skal eg gjere? Redninga blir å tusle tilbake til hybelen, banke på og få liggje på golvet i soveposen eg hadde teke med.

Forklaringa som leiinga for pensjonatet kom med neste dag? Jau, dei hadde trudd eg skulle reise dagen etter, og av di dei ikkje fekk kontakt med meg, trudde dei at eg skulle vere borte heile natta. Så dei hadde bore bagasjen min ut på gangen, slik at han som trong rommet, kunne få ei seng for natta. Dei bad sjølvsagt om orsaking for ubehaget dei hadde påført meg. Eigentleg var det berre artig å liggje på golvet på hybelen til den kjekke trønderjenta. Så, takk til pensjonatet for eit artig minne frå livet som riksinstruktør! Jenta trur eg å minnest heiter Kristin Smalås. Ei drivande flink jente i NSUA-laget

Kameratgjengen

Det er naturleg at vi som heldt mykje saman dei åra eg snakkar om, vart ein samansveisa gjeng med felles interesser. Sjølv budde eg med Viggo Jørgensen det året eg var riksinstruktør. Medan eg var i Oslo, var opphaldsadressa mi husveret han hadde i Ringgata. Så tek eg med desse namna: Stein Berg, Gunnar Sørbotten, Rolv Tryggestad, Ragnvald F. Bertheussen og Knut Th. Reinås. Det var desse som støtta meg i arbeidet og var kjernen i NSUA sin organisasjon. Men eg tek også med Per Jon Odeen på Voss, moromannen som utmerka seg på Hugali med monologar og hermingar som fekk latterdørene til deltakarane på vid vegg. Besøket på Voss som eg nemnde, vart særleg morosamt med slike kapasitetar som Odeen i leiinga. Per Jon, du var stand-up-komikar mange tiår før moten egentleg kom til landet vårt. Det var sjølvsagt jenter også med i NSUA. Anne Britt Hansen frå Lillestrøm var med på ein god del av det vi fann på, og ho var også med på Hugali, minnest eg.

Etterord

Åra etter eg var ferdig som riksinstruktør, var eg busett i tre år på Nordfjordeid, og der hadde eg og kona lærarjobb i kvar vår førsteklasse. Desse elevane fekk vi vere saman med i tre år. Då bar det heim att til Stryn, der eg har vore sidan. Eg har fått drive med fråhaldsarbeid i NGU og i MA, både i lokalavdelinga og i fylkeslaget. Den praktiske delen med gjennom-føring av ulike meisterskap, ratt-moped og sykkel, vart så interessant at dette heldt eg på med i over tjue år. Fylkeskommunen heidra kona og meg med trafikktryggings-prisen for året 2000. Det eg lærte i NSUA fekk eg god hjelp av. Arbeidet i NSUA og MA har tydd mykje for meg, og eg er glad for at eg fekk høvet til å gje eit handslag til to-tre organisasjonar som trengs.



Leif Vinsrygg var med i NSUA-laget "Stella" på Frida gymnas, Sandana frå 1962, med i NSUA-laget "von" i Volda medan han gikk på lærarskulen, og vart NSUA sin riksinstruktør i 1967

Det trengs idealistiske organisasjonar enno meir i dag, ser det ut til, og eg ønskjer FMR (tidlegare NSUA) lykke til i åra som kjem.

Og når eg sit her og skriv dette tilbakeblikket, kan eg sjå bort på eit bord der ei vakker tinnskål står. Den fekk Eldbjørg og eg i bryllaupsgåve

frå NSUA då vi gifta oss i 1968. Dei fleste av kameratgjengen var med. Eg vil nytte høvet til å helse alle som eg treffe på og fekk lære å kjenne gjennom åra i NSUA. Dei har gitt meg rike og varige minne!

Leif Vinsrygg, 6783 Stryn

Oversyn og tilbakeblikk

Hausten 1962 vart eg med i NSUA etter eit møte med riksinstruktør Viggo Jørgensen i 2.klasse ved Lillehammer Høyere Almennskole. Det vart ikkje noko aktivt lag der, men eit par personar melde seg inn.



Nils Stavenes kom med i NSUA først på Lillehammer i 1962 og seinare i NSUA-laget "Hugheil" på Voss landsgymnas frå 1967. Han vart den første redaktøren av tidsskriftet Mot Rusgift i 1972.

Seinare, dvs. hausten 1965, då eg tok til på Voss Landsgymnas, fekk eg med eit par andre og fekk liv i gymnaset "Hugheil" som då låg nede. Laget vart aktivt, skipa til turar, dansefestar og kurs; hadde i periodar opptil 20 medlemmar. Me hadde besøk av fleire sentrale folk og riksinstruktør. "Hugheil" var med og prega miljøet på skulen og var ei viktig motvekt til andre delar av miljøet. Eg gjekk ut i 1968.

Påskekurser på "Hugali", Vestre Slidre, var store opplevingar på mange måtar; berre å få treffa personlegdomar som Kåre Holt, Olav Sundet m.fl. er minne for livet. Kurser heldt også fagleg høgt nivå, gav innsikt og verka sterkt organisasjonsbyggande. Sosialt topp.

Eg kom hausten 1968 til Oslo og vart med i Studentavholdslaget (SA). Var leiar eit par periodar og fekk til utvekslingsbesøk med SSUH/Kentth Karlsson i Gøteborg.

Ei svært gjevande tid! Hugsar kurs på Sinober og sommarleir i Sunndalen.

Eg vart vald inn i sentralstyret, var med då namnet vart forandra til "Forbundet mot rusgift". Hadde ansvar for dei første nummera av aksjonsavisa "Mot Rusgift". Det var ein aktiv

periode med aksjonar på gata og i studentmiljøet, og politiske diskusjonar i sentralstyret.

I 1969 var eg utsending til kurs i Århus. På det kurset møtte eg Tone som representant for DNTU. Me gifta oss i 1970. Eg var i Oslo fram til juli 1974.

I ettertid ser eg tydeleg kor mykje det har hatt å seia for mi personalege utvikling at eg kom med i NSUA. Det gav meg ei klar forankring i fråhaldsstandpunktet som eg framleis har.

Den skoloringa eg fekk i organisasjonskunnskap og samfunns spørsmål har vore til stor nytte i seinare organisasjonsarbeid og politisk verksemd på både kommune- og fylkesnivå. I tillegg og ikkje minst alle dei hyggelege menneska eg fekk møta og alle venene eg fekk!

Eg er framleis medlem og oppteken av fråhaldssak.

Beste helsing

Nils Stavenes, 3550 Gol

1963 - 1971 Aksjonsrettet brytningstid

Riksinstruktør Viggo Jørgensen fra Norges Studerende Ungdoms Avholdsforbund dukket en dag opp på Lillehammer Gymnas. Dermed var det gjort. En håndfull av oss ble inspirert til å starte et lokallag av NSUA. For min del, som var "flasket opp" i IOGT, var det et spennende møte med et ungt, kreativt miljø – etter hvert med helt andre arbeidsformer enn de jeg var vant til.

Kort tid etter at arbeidet kom i gang på Lillehammer var det påskekurs i Valdres. Det ble en kjempemessig vitamin-innsprøyting – et møte med bevisste likesinnede og kjemper og inspiratorer som Olav Sundet og Kåre Holt.

Aktiviteten i lokallaget vårt kunne sikkert vært mer imponerende og oppslutningen større. Men et avholdslag i gymnasmiljøet på Lillehammer var oppsiktsvekkende i seg selv – og vi gjorde oss gjeldende på skolen og gjennom lokalavisene. Selv om enkelte så på oss som noen raringer ble vi respektert. Ett eksempel: merkverdigheter i restaurantmiljøet på Lillehammer,



Ragnvald Falkener Bertheussen var med og starta NSUA-lag på Lillehammer gymnas i 1963, og var seinare forbundsleiar i perioden 1969-1973

hvor det bl.a. var spiseplikt når en bestilte alkoholfritt – ble kontant tatt opp og etter hvert løst.

Etter gymnaset gikk ferden etter militærtjenesten til Oslo og studier (1967). I Studentavholdslaget traff jeg gamle venner, og etter hvert kom jeg med i forbundsstyret som nestformann og forbundsformann. I denne perioden ble det mye NSUA og lite annet. Vi deltok med ressurser inn i samarbeidsfora som Landsnemnda, og fikk etter hvert et bedre og mer aktivt samarbeid med de øvrige ungdomsorganisasjonene i avholds-rørsla. Utrolige stabler med besvarelser fra hele landet i Kunnskapsprøva i samfunnsspørsmål, arrangert i samarbeid med Arbeiderbladet, tårnet seg opp på kontoret i Keysersgt. 1. Det var både god profilering og inntekt til en slunken kasse – og velkommen ekstraintekt for medlemmer som rettet prøva.

Vi så det også som viktig å knytte internasjonale kontakter, og meldte NSUA inn i den internasjonale godtemplarungdomsføderasjonen IGTYP. Rolf Tryggestad og jeg hadde gleden av å delta på kongressen i Istanbul (1969/1970?) som representanter for NSUA.

Gjennom flere år hadde det pågått en innsamling av midler for å reise et minnesmerke over overlege Johan Scharffenberg – en av NSUAs ruvende skikkelser som gjorde seg bemerket i norsk samfunnsliv på flere felt. Arne Sørli og jeg satt i en komité sammen med rester av "Foreningen for folkeavstemning". Vi kom i mål, et relieff av kunstneren Anasif Døhlen ble plassert i parken ved Botsfengselet i Oslo.

Miljøet i NSUA var preget av humør og engasjement. Vossingen Per Jon Odéen var et oppkomme av humør og kunne bl.a. plutselig slå til med en historie om trikken i Oslo som fikk "kraft fra det høye". Kontakten med lokallagene ble av økonomiske årsaker i hovedsak ivaretatt av riksinstruktøren, men vi andre som satt sentralt fikk også luftet oss fra tid til annen.

På den alkoholpolitiske arenaen dominerte kampen mot ølometningen. Jeg husker spesielt et møte i Studenter-samfunnet ved Handelshøgskolen i Bergen, hvor det var et alkoholpolitisk slag mellom oss og Bryggeriforeningen, representert ved informasjonssjef Øystein Øystaa. Handelshøgskolen var ikke akkurat vår sterkeste bastion – og jeg må innrømme at jeg etter møtet var helt utmattet. Men moro var også det!

Denne tiden var sterkt preget av konfrontasjon med Bryggeriforeningen og kjøpmannsorganisasjonene. Ølet skulle ut av dagligvareforretningene. Vi organiserte en rekke ølkjøpsaksjoner, hvor våre yngre medlemmer (14 – 16 år) kjøpte øl i kolonialforretninger og supermarkeder for å vise at 18-årsgrensen ikke ble overholdt. Slike aksjoner ble oftest gjennomført med lokalavisa på slep, som laget reportasjer og slo sakene stort opp. Vi fikk blest og debatt.

Jeg husker spesielt en aksjon på Hønefoss, hvor medlemmer som var på en NSUA-samling med Arne Lindelien som kursleder, fikk kjøpt øl i en rekke butikker. Etterpå ville vi søke politiet om tillatelse til å ha en demonstrasjon på Torget – hvor ølet skulle slås ut i kloakken. Politimannen på vakt syntes dette var en god idé – og var glad for initiativet vårt. Men for sikkerhets skyld ville han konferere med vakthavende embetsmann. Da fikk pipa en annen lyd. Ølet ble konfiskert og jeg, som leder, ble anmeldt for å ha begått lovbrudd! Jeg jobbet på den tiden i Folket, og ble noen dager senere oppsøkt tidlig en morgen på hjemmeadressen av to representanter fra Oslo-politiet. De skulle oppta avhør i sakens anledning for sine kolleger på Hønefoss. Det fikk redaktør Øystein Søraa i Folket til å kvesse blyanten, og minnes jeg rett var det andre gang i bladets historie at lederen ble plassert på første side. Saken ble henlagt!

Slutten av 60-åra representerte en radikalisering av ungdomsmiljøet, ikke minst kom det til uttrykk i studentkretser. I NSUA ga denne radikaliserings seg bl.a. utslag i at det var viktig å tilrettelegge et bedre grunnlag for våre medlemmer og andre til å yte aktiv rusgiftmotstand. Når uttrykket "rusgift" ble brukt, skyldes det at nye narkotika etter hvert fikk innpass også i vårt land. Vi startet arbeidet med en Grunnssirkel mot rusgift i 1971. Erling Folkvord, Knut Toralf Reinås og undertegnede laget heftet på kort tid, og skrev bl.a. i forordet at vi mente

den ville gi en fin innføring i alkohol- og narkotikaproblemene og den strategi vi må bruke i vår rusgiftmotstand. Debatten i organisasjonen vår på denne tiden var ikke uten politiske overtoner. Spørsmål om arbeidsform og tilnærming, målgrupper og samarbeidsforhold gikk tidvis høyt. Vi var likevel lite plaget av indre splid og maktkamp. Spørsmålet som splittet mange organisasjoner – EF jobbet vi selvsagt også aktivt med. Vi hadde mange harde diskusjoner, men valgte å reise problemstillinger uten å ta stilling til “ja” eller “nei” til medlemskap.

Når jeg tenker tilbake på årene i NSUA, bringer det mange gode minner. Jeg velger også å tro at det vi gjorde hadde en virkning, var et bidrag til det NSUA/FMR alltid har kjempet for. Jeg ønsker dagens tillitsvalgte og medlemmer lykke til med den jobben de gjør!

Ragnvald Falkenér Bertheussen, 3732 Skien

Takk, NSUA

Min første reaksjon då eg vart spurd om å skrive om NSUA og tida mi i organisasjonen var: Men det er jo så lenge sidan! 30 – 40 år har gått! Men så sette eg meg ned og tenkte tilbake, og såg det heile i perspektiv, og snart stod det lysande klart for meg: NSUA har betydd enormt mykje! Det faktum at eg ein gong melde meg inn i NSUA sette i gang ei utvikling som har prega heile livet mitt vidare!



Ragnhild Sælthun Fjotoft kom med i NSUA-laget "Stella" på Sandene i 1963, og vart riksinstruktør hausten 1968 etter at lærarskulen var gjordt unna. Ho sat og i forbundsstyret frå 1969 til 1970

Det starta då eg begynte på Firda gymnas på Sandane hausten 1963. Det var eit uvanleg aktivt organisasjonsliv på den skulen, og eit av dei laga som gjorde seg mest gjeldande, var NSUA-laget “Stella”. Fråhaldsrørsla var heilt ukjend for meg - eg kom ikkje frå fråhaldsfamilie. Likevel hadde eg frå eg var liten reagert svært negativt når eg såg rusa menneske. Og når eg opplevde at i enkelte miljø var det status å drikke seg full og skryte av det etterpå, kjende eg berre avsky for ei slik innstilling. Derfor tok det ikkje

lang tid før eg vart Stella-medlem. Og der blei eg med på studiekrinsar, informasjonsmøte og seminar – og lærde mykje om alkoholens verknad både på menneske og samfunnet. Det tok ikkje lang tid før eg var eit overtydd og ihuga medlem.

Det var ofte behov for underhaldning på dei mange arrangementa som vart avvikla i Stella-regi, og det vesle eg hadde pusla med av visesong og diktlesing tidlegare, vart vidareutvikla. Eg fekk også lære svært mykje om lagsarbeid og møteleiing. Då dei tre åra på gymnaset var omme, var eg eit erfarent organisasjonsmenneske.

Frå gymnaset gjekk vegen vidare til lærarskulen ved Tønsberg. Der var det ikkje noko fråhaldslag, men eg var framleis NSUA-medlem, og hadde fått stadig nærare kontakt med organisasjonen sin sentraladministrasjon i Oslo. Våren –68, då eg var i ferd med å avslutte lærarskulen, kom ein “delegasjon” til Tønsberg med oppdrag å overtale meg til å bli riksinstruktør i NSUA frå hausten av. Når eg ser tilbake, forstår eg nesten ikkje korleis dei lykkast i den oppgåva. Eg var 22 år og ikkje særleg “framfusen” av meg, men etter ei tenkjetid sa eg ja. Dermed gjekk eg inn i det året i livet mitt då eg truleg modnast og utvikla meg mest.

Som riksinstruktør skulle eg reise land og strand rundt, besøkje alle lokal-laga for å kurse medlemmene, gje råd og oppmunt-ring, og eg skulle kontakte ungdomsskular og vidaregåande skular for å ha opplysningstimar om alkohol og narkotika. Aller først skulle eg gå eit par veker som observatør på narkoman-klinikken i Hov i Land. Der fekk eg – eit “gudsord frå landet” - innblikk i lagnader så tragiske at eg hadde ikkje forestilt meg at det gjekk an. Eg fekk skakande historier eg kunne ta med meg ut til ungdommane i skolane. Men det var slett ikkje alle skular som ville at eg skulle snakke om narkotika.

På den tida var dette eit problem som skulle dyssast ned, for mange meinte at dersom ein snakka om det, ville ungdomane bli freista til å prøve stoff.

Det vekte ei viss oppsikt at ei ungjente reiste omkring i eit slikt oppdrag. Eg kan ikkje hugse ein einaste negativ reaksjon frå elevane i løpet av dei mange informasjonstimane eg hadde på skulane. Eg var jo ikkje så mange år eldre enn dei – og

nettopp det var kanskje ein fordel. Det hende også at lokal-avisene dukka opp for å få intervju.

Det vart mange kveldar og netter på billige hotell rundt i landet – frå Kristiansand i sør til Steinkjer i nord - saman med andre “handelsreisande” av forskjellig slag. Dette året vart eg og med i sentralstyret for NSUA og eg deltok på mange ungdomsleiarkurs og seminar. Eg knytte venskapsband som varde lenge – somme av dei er framleis sterke, 35 år etter.

Etter eit år valde eg å bli student igjen, og slutta som riksinstruktør. Eg tok til å studere norsk, men samme haust begynte eg også å jobbe som freelancer i NRK. Ein annan viktig ting skjedde på seinhausten, eg møtte Arne Fjærtøft. Eg hadde høyrte mykje om han lenge før eg trefte han, for han var svært aktiv i ein annan fråhaldsorganisasjon, NGU (no Juvente). Halvanna år etter vart vi gifte. Etter kvart tok NRK og familie-liv det meste av tida mi, men fråhaldsrørsla har eg hatt nær kontakt med i alle åra sidan. Så tilbake til påstanden om at NSUA har betydd svært mykje for meg – og eg gjev følgjande oppsummering: I NSUA vart interessa for organisasjonsarbeid vekt og utvikla. Det samme vart evna til å stå fram som foredragshaldar, som leiar, som underhaldar. Eg utvikla sjølvstende og sikkerheit. Utan det erfaringsgrunnlaget eg der fekk, er det ikkje sikkert eg hadde hamna i NRK som har vore arbeidsplassen min heile livet. Og eg hadde neppe møtt Arne – gjennom samlivet med han vart eg dregen enda meir inn i organisasjonsarbeid og internasjonalt u-hjelpengasjement, som har vore ein viktig del av tilveret mitt i alle år.

Eg er framleis trufast fråhaldskvinne. Eg har framleis mange av vennene eg vart kjend med i NSUA-tida. Livsvegen hadde truleg gått i ein heilt annan retning om eg ikkje hadde meldt meg inn i “Stella” den gongen i 1963. Treng eg seie meir? Anna enn: TAKK, NSUA!

Ragnhild Sælthun Fjærtøft, 1470 Lørenskog

NSUA-Revy på Tingvoll

Skolemiljøet på Tingvoll markerte seg nokre år på 1960-talet og rundt 1970 tydeleg i NSUA-samanheng. Jostein Kallset frå Torjulvågen hadde deltatt svært aktivt i NSUA tidlegare (jf intervju).

